





# Årsmelding 2010



## Politisk organisering



## Administrativ organisering



## Frå det politiske arbeidet

Gjennomgåande representasjon og direkte tilrådingsrett frå utvala til kommunestyret er bærande prinsipp i det politiske styringssystemet.

### Kommunestyret har fylgjande samansetting:

Parti/gruppe	Tal medl	Gruppeleiar
Arbeidarpartiet	6	Brigt Olav Gåsdal
Kristeleg folkeparti	5	Sigmund Dyrhovden
Bygdalista	3	Vidar R Rolland
Senterpartiet	2	Øyvind Røen
Framstegspartiet	2	Gunnar Bruvik
Høgre	2	Sture Tveit
Uavhengige	1	Tyra Pedersen*

\*Tyra Pedersen meldte seg ut av Frp på slutten av året og stiller ved årsskiftet som uavhengig representant.

### Fordeling av leiarverv og nestleiarverv i utval, råd og nemnder

Utval / råd	Leiar	Nestleiar
Personal- og økonomiutvalet	Marit A. Aase, Krf	Brigt Olav Gåsdal Ap
Naturutvalet	Olaug Øystese Ap	Gunnar Bruvik Frp
Utvalet for oppvekst og omsorg	Kristian Jørgensen Krf	Eva Hellevang H
Kontrollutvalet	Gisle G. Øye H	Anne Gerd Tandstad Sp
Eldrerådet	Ada Haugen	
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	Hjørdis Tysse Krf	
Viltnemnda	Jon Magne Bøgevik	

I kommuneplanen er to av delmåla knytta opp mot politisk aktivitet.

- *eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar*
- *ei funksjonell politisk organisering*

Som i 2009 var det også i 2010 vore engasjement mellom innbyggjarane i høve til samanslåing av barneskulane til ein Samnanger barneskule. Mellombels bygg måtte på plass for å hysa alle borna på same skulen, og dette har vore utfordrande for alle involverte partar. Trygg skuleveg er noko som engasjerer mange, og det vart lagt ned mykje arbeid i dette både av politikarar og administrasjon. I tillegg har skulane sine organ også vore aktive i prosessane.

Prosessane kring planane for utbygging av Samnangerheimen har starta i 2010. Særleg stor debatt vart det kring spørsmålet om heile den eldste delen av institusjonen skulle rivast for å gje plass til ny, og kor mange plassar som skal på plass i den nye Samnangerheimen.

Arbeidet med områdeplan for Bjørkheim vart igangsett. Dette spesielt med tanke på plassering av ein evt fleirbrukskall i dette området. Denne saka skapte også stort engasjement mellom folk i bygda – eit engasjement me tok med oss inn i 2011.



*Stort engasjement blant ungdomen i Hall-saka februarmøtet i kommunestyret.*

Ei sak som har engasjert mange innbyggjarar i heile Noreg, og då spesielt i Hordaland er saka



om ny kraftlinje mellom Sima i Eidfjord og Børdal i Samnanger. Konsesjonsvedtaket vart gjeve av regjeringa i juli 2010, men vekte så store protestar at avgjerdet vart utsett. Regjeringa sette ned fleire ekspertutval som bl.a. skulle sjå på ei løysing med sjøkabel i staden for luftlinjer. Kommunestyret hadde eit ekstra møte om saka; her vart det sett ned ei gruppe som fekk mandat til å tala Samnanger kommune si sak.

*Transformatorstasjonen i Børdal vert eit sentralt knutepunkt i Sima – Samnanger-utbygginga*

## Aktiviteten i utvala

Som vedlegg til meldinga ligg ein oversikt over kva saker dei ulike utvala har handsama i 2010. I tillegg til dei som er lista opp, har det og vore uformelle diskusjonar om aktuelle tema i utvala.

## Kommunestyret

Kommunestyret hadde 7 møter i 2010. I tillegg til dei store sakene som er nemnde ovanfor har dei som vanleg hatt til handsaming fleire saker av økonomisk karakter. Som i 2009 vart økonomiplan handsama i juni, men med nokre korrekjonar i desember. Dette vil me halda fram med. Ved å fristilla handsaminga av økonomiplanen frå arbeidet med å få fram eit årsbudsjett får politikarane større høve til å tenkja ut over komande budsjettår.

## **Utvalet for oppvekst og omsorg**

OO-utvalet er oppnemnde til å vera styringsgruppe både for arbeidet med ny skulestruktur og arbeidet med ombygging på sjukeheimen. Dette er to saker som inneber mange utfordringar og som utvalet har brukt mykje tid til å drøfta. I tillegg har utvalet arbeidd med andre saker som er relatert til fagområda skule, pleie- og omsorg, sosial / helse og kultur.



## **Naturutvalet**

I tillegg til arbeidet med ordinære saker som byggjedelings- og dispensasjonssaker, har utvalet arbeidd med områdeplan for Bjørkheim, energi- og klimaplan og interkommunalt samarbeid om brann og feiing. Og ikkje minst har arbeidet med kystsoneplanen teke mykje tid også i 2010.

## **Personal- og økonomiutvalet**

I tillegg til mange ulike økonomiske saker som tilleggsloyvingar, har utvalet arbeidd med næringssaker og saker knytte til personalpolitikk / økonomi. 2010 vart året då kommunen kunne leiga ut næringsareal på Bjørkheim i det nyetablerte næringsbygget der.

**Administrasjonsutvalet** - det partssamansette utvalet (medlemmene i PØ-utvalet som utgjer arbeidsgjevarrepresentantane og arbeidstakar- representantar frå arbeidstakarorganisasjonane). Her har utvalet arbeidd med regelverket vårt; mellom anna lønspolitisk plan, kompensasjon for bruk av eigen bil i tenesta, retningsliner for kundepleie mm.

## *Oversikt over aktiviteten til dei faste utvala og kommunestyret i 2006– 2009*

<b>Utvål</b>	<b>2010</b>		<b>2009</b>		<b>2008</b>		<b>2007</b>	
	<b>Møte / saker</b>	<b>Møte/saker</b>						
Naturutvalet	6 64	6 54	7 65	8 71				
Oppvekst og omsorg	6 26	6 27	6 25	6 22				
Personal / økonomi	7 60	12 76	14 64	11 42				
Adm.utval	4 12	4 11	10 18	4 2				
Kommunestyre	7 66	6 63	6 44	8 79				

## **Ungdomsrådet**

Det har vore relativt liten aktivitet i Ungdomsrådet i 2010. Dette heng saman med skifte av sekretær. Kultusjef Marit Brendbekken er no sekretær for Ungdomsrådet og ho er borna sin representant (Plan- og bygningslov). Ho tok over denne funksjonen frå oktober 2010.


I Ungdomsrådet sit det no ungdomar som er valde mellom ungdomsskuleelevarane i tillegg til ungdomar som har gått ut frå ungdomsskulen

Det vert vist til eigne årsmeldingar for kontrollutvalet, eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne.

## **Ressursbruk**

I Kostrastatistikken kan me henta ut informasjon om ressursbruken knytt til funksjon 100 – politisk styring og 110 kontroll og revisjon.


Sidan me måler kostnad pr. innbyggjar er dette eit av dei områda der kommunane har mykje dei same utgiftene uavhengig av storleik. Sjølv om gjerne større kommunar har meir av "det meste" har dei mindre kommunane relativt sett høgare utgifter. Kostnad med avvikling av politiske møte t.d. er ikkje så ulik om ein er liten eller middels stor.



Me bruker mindre enn gruppe 2, men meir enn landsgjennomsnittet til politisk styring når me måler det pr. innbyggjar. I 2010 har me brukt vesentleg meir til kontroll og revisjon enn i 2009 og i høve til dei andre kommunane.

## Folketalsutvikling

Samnanger kommune har ei uttalt målsetting om å verta fleire innbyggjarar. Sidan 2001 har Samnanger hatt ein samla folketalsvekst på 2,18 %. Dvs. 0,218% pr. år. Ser me heile perioden under eitt er dette langt lågare enn både landsgjennomsnittet og snittet for kommunane i Hordaland. Veksten i 2010 ligg om lag på gjennomsnittet for fylket.



Som for tidlegare ”gode” år er det innvandring som utgjer skilnaden. I 2010 var det låge fødselstal, noko som gjerne er naturleg sidan me har hatt høge fødselstal dei to førre åra. Tal døde er svært lågt, det lågaste på svært mange år. Dette gir oss eit netto fødselsoverskot på 8. Den positive flyttebalansen tilskrivast busetting av flyktningar. Samnanger hadde i 2010 ei netto innvandring på 14 personar.

#### *Oversikt over utviklinga i folketalet i 2005 – 2010*

år	fødde	døde	Innflytting	utflytting	endring	folketal	%-vis endring
10	24	16	102	91	19	2394	0,80
09	32	34	101	106	-4	2375	-0,16
08	42	23	62	98	-17	2379	-0,71
07	29	22	121	85	43	2396	1,83
06	29	28	99	90	12	2353	0,51
05	22	23	104	85	19	2341	0,82

Det kan koma korrigeringar i etterkant slik at ikkje alle summeringane er korrekte for det einskilde år.

#### **Folketalsframskriving**

SSB utarbeider prognosar for utviklinga i folketalet. Grunnlaget for framskrivinga er veksten nasjonalt. Dei vurderer desse fire komponentane; fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og netto innvandring. I tabellen under har me sett inn to alternative prognosar, den eine middels vekst og den andre er høg vekst med unnatak av kriteria for netto innvandring der den er sett til middels. Avviket mellom desse utgjer for Samnanger i 2030 134 fleire innbyggjarar med høg prognose.

Prognose	2011	2012	2013	2014	2015	2020	2025	2030
MMMM	2386	2386	2395	2400	2412	2448	2504	2550
HHHM	2385	2391	2401	2412	2431	2519	2594	2684

Det er klart at for mindre kommunar som Samnanger vil lokale tilhøve slå ut. Me veit t.d. at dei åra me har teke mot flyktningar har veksten vår vore vesentleg større enn i andre år.

Tilgang på byggjeklare tomter kan vera ein annan forklaringsvariabel gitt høg vekst i eit år. Det som er viktig med denne type prognose er å sjå utviklinga over tid. Samfunnsplanlegging handlar om å vera i stand til å tilretteleggja for utvikling over tid, og slik kan denne type statistikken hjelpe oss med tanke på dimensjonering av tenestene. I underlagsmateriale ligg det mykje detaljert informasjon om tal personar heilt ned i eitårsklassar som me vil ha god nytte av i planlegging av dei einskilde tenestene.

I Hordaland er det i hovudsak nabokommunane til Bergen som har vekst over landsgjennomsnittet. Fleire er forventa å ha til dels stor vekst. Sjølv om SSB i sin prognose forventar ein mindre vekst enn gjennomsnittet for Samnanger, kan nettopp det at me er nabokommune til Bergen gjera at me kan ha grunn til å tru at veksten vert høgare enn det prognosene viser. Dersom dette skal skje, må tiltak som genererer vekst prioriterast av kommunen.

# GENERELLE MERKNADER

## til kommunerekneskapen og til den økonomiske utviklinga

*Også for 2010 kan me legge fram eit positivt driftsresultat, men det er langt lågare enn i 2009. Hovudgrunnen til det positive resultatet skuldast betre skatteinngang enn forventa. For Samnanger sin del var det ikkje klart før i november månad, noko som er problematisk i høve til styring.*

*Ressursbruken på fleire område gir grunn til uro, både pga overforbruk i høve til budsjettet og også fordi me har ein høg kostnad på nokre tenester i høve til andre. Innan skuleområdet har me fått til forventa innsparingen. Med tanke på dei store investeringsoppgåvene me står føre, må bremsene setjast på slik at me kan leggja oss opp midlar til å møta store kapitalutgifter. God budsjett og rekneskapsstyring tilseier eit netto driftsresultat på 3 %. Det ville bety eit overskot i rekneskapen på 3,5 mill. kroner.*

Rekneskapen vert lagt fram med eit mindreforbruk på

**kr 1,4 mill**

Kommunen har mottatt kr 340 000 frå Statens vegvesen til vedlikehald av veglys langs fylkesvegane utan å ha bokført tilsvarande utgift. Me bør forvente at kravet vil vera i same storleik som refusjonen. Korrigert for dette er mindreforbruket vårt kr 1.1 mill. kroner. Rådmannen vil tilrå at kommunestyret i samband med godkjenning av rekneskapen set av midlar til å dekkja forventa krav.

Oppsummert kan me seia at mindreforbruket (overskotet) skuldast:

Auke i skatt og rammetilskot	kr 1,2 mill
Auke i konsesjonskraftinntekt	kr 0,6 mill
Ikkje oppnådd afp-innsparing	kr -0,6 mill
Urealisert gevinst aksjar	kr 0,2 mill

I forhold til 2009, som var eit svært godt skatteår for Samnanger, viser rekneskapen ein auke i skatteinngangen på 2 % som og er auken i forhold til budsjettet. Skatteinngangen i Samnanger er likevel 3,6 % under landsgjennomsnittet. I 2009 var forholdet her 3,1 %. 59 % av det som er under landsgjennomsnittet vert kompensert gjennom inntektsutjamning. I 2010 mottok Samnanger kr 1 395 899 i inntektsutjamning.

	Budsjett	Rekneskap	
Skatteinntekter	52.078.000	53.149.187	
Rammetilskot	44.502.000	44.711.035	
Samlar	96.580.000	97.860.222	<b>1.280.222</b>

I 2010 la Vital om måten dei berekna AFP-satsen på. Dei endra tidshorisonten på berekninga frå 1 år til 5 år. Dette førte til at % satsen auka frå 1,56 % til 4,15 %. Dette er ein %-sats som kommunen kan fastsetja sjølv, og det vart i budsjettet bestemt at denne skulle reduserast til 2%. Dette har likevel ikkje ført til forventa innsparing. Forventa innsparing er budsjettet på konto 1.1200.1800 i staden for å fordela den ut på einingane. Sidan me ikkje oppnådde forventingane i budsjettet, utgjer den eit avvik på ansvar 1200.

*Einingane sine økonomiske resultat rekna ut frå driftsinntekter og utgifter (tala i 1.000 kr)*

	Revidert budsjett		Rekneskap		Avvik drift	Avvik finans	Sum avvik
	Inntekter	utgifter	Inntekter	utgifter			
Pleie og omsorg	7 250	47 759	8 567	49 758	-682	-18	<b>-700</b>
Sosial og helse	3 613	15 285	4 568	16 485	-245	480	<b>235</b>
Barnehage	9 829	14 687	10 746	15 085	519	0	<b>519</b>
Kultur	1 707	3 326	2 010	3 358	271	-392	<b>-121</b>
Barneskule	911	18 306	1 505	18 424	476	46	<b>522</b>
Ungdomsskule	785	11 412	1 037	11 590	74	9	<b>83</b>
Teknisk eining	11 483	19 510	12 804	21 348	<b>-517</b>	-450	<b>-967*</b>
Stabseining	558	8 086	690	8 805	-587	0	<b>-587</b>

(meirforbruk - / mindreforbruk +) \* I tillegg kjem utesiåande krav på veglys -340.000

**Pleie og omsorg** har i 2010 fått tilført ekstra midlar på til saman kr 550 000. Aktivisering funksjonshemma har fått styrka budsjettposten med kr 350 000 og ekstra tiltak i heimetenesta med kr 200 000. Eininga har til tross for dette eit meirforbruk i 2010 på kr 700 000. Overskridingen skuldast at det er kjøpt inn varer og tenester for kr 470 000 meir enn det som det var budsjettet med, og at det har vore svikt i inntektene / brukarbetaling med totalt kr 260 000.

**Sosial og helse** Forskjellen mellom driftsavvik og finansavvik skuldast at øyremerka tilskot frå Husbanken på kr 452 000 vart utbetalt til kommunen i 2009 og sett av på fond. Utbetaling i forhold til løyving vart gjort i 2010. Det er bokført som bruk av fond og kjem derfor ikkje med på oversikta over driftsinntekter.

Sosial, barnevern og flyktningkontor har samla sett hatt eit mindreforbruk på kr 480 000, medan helse har hatt eit meirforbruk på kr 247 000 som skuldast meirutgifter til first responder. Når me tek omsyn til bruk av fond, har eininga totalt sett hatt eit mindreforbruk på kr 235 000.

**Barnehage** har i 2010 hatt eit mindreforbruk på kr 519 000. Barnehagen opna ny avdeling i Nordbygda og fekk meir statstilskot og skjønsmidlar enn det som låg til grunn i budsjettet.

**Kultureininga** er i 2010 delvis omorganisert, og prosjekt som tidlegare vart ført på ansvar 1400 (næring) er overført dette ansvarsområdet. Dette gjeld for eks. Liv & Lyst og Bulyst. Øyremerka tilskot som ikkje er nytta i 2010 er sett av på fond og gjer at kultureininga har eit meirforbruk på kr 121 000.

**Skule** Samnanger ungdomsskule går i balanse, medan barneskulen har hatt ein innsparing på kr 476 000 på drift. Gjerde skule og Nordbygda skule vart frå hausten 2010 slått saman til Samnanger barneskule. Effekten av samanslåinga har vore større enn budsjettet.

Finansinntekter og utgifter vil for dei fleste einingane bety bruk og avsetting til fond. For teknisk eining vil dette og inkludere avskriving, fordelte renteutgifter vedr. lån og overføring av momskompensasjon som gjeld investeringsrekneskapen.

**Teknisk eining** fekk i 2010 tilført kr 400 000 for å dekka opp meirforbruk vedr. brøyting og ekstra arbeid på Liavegen. Til tross for dette har eininga hatt eit meirforbruk på fleire tenester. Meirforbruket på løn er på kr 387 000. I tillegg vart feiinga utført som kjøpte tenester (kr 173.000) pga. sjukdom. Eininga har fått refundert kr 270 000 frå NAV som skal dekkja desse kostnadane. Det har og vore meirforbruk på strøm på kr 460 000 og på kr 167 000 til driftsutgifter bil. Teknisk eining har hatt ein svikt i inntektene på kr 100 000 som i hovudsak gjeld inntektssvikt innafor oppmåling, bygge- og delingssaker. Legg me til grunn ein kostnad tilsvarande refusjonen frå Statens vegvesen på 340.000

krone, viser kap kommunale vegar eit meirforbruk på 350.000 kroner. Sjølvkostområdet vatn har eit meirforbruk på kr 400 000. Det er ikkje att midlar på fond og resultatet påverkar kommunen sitt driftsresultat. I årsmelding frå eininga er det gitt oversikt over tiltaka som har ført til meirforbruket. Det negative finansresultatet gjeld løyving som er gitt frå fond som ikkje er nytta fullt ut i 2010. Dette gjeld mellom anna løyving frå disposisjonsfondet på kr 800 000 til utarbeidning av områdeplan på Bjørkheim. Her er det i 2010 brukt kr 278 000, resten av utgifta kjem i 2011.

Avvik på **stabseininga** gjeld som nemnt forventa innsparing AFP som ikkje vart realisert som forventa.


Det er område i driftsbudsjettet som ikkje er fordelt ut på einingane. Her finn me ein del innsparinger og/eller meirinntekter. Dette gjeld vaksenopplæring, administrasjon skule/ barnehageområdet (fellesbudsjett) der me har eit mindreforbruk på 336.000 kr.

Kommunen har fått kr 660 000 i meirinntekt frå sal av konsesjonskraft i forhold til budsjett. Konsesjonskrafta vart selt på spotmarknaden 1.kvartal og til fastpris 2., 3. og 4.kvartal.

### **Utvikling av kommunen sine inntekter og utgifter.**

Utgiftene er korrigert for premieavviket for å få fram korleis resultatet ville vore utan rekneskapsføring av dette. Premieavviket medfører ikkje utgifter eller inntekter for kommunen men rekneskapsføring av premieavviket påverkar kommunen sine bokført utgifter.


I 2010 er inntektene framleis høgare enn utgiftene, men det er krympa inn til 300 000 kr i forhold til 2009 då den positive forskjellen var på kr 2,6 mill. Grafen illustrerer elles ein svært stor vekst i inntekter og utgifter sidan 2005.



### **Premieavvik**

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed og rammevilkåra til kommunen. Eit positivt premieavvik fører til lågare bokførte utgifter, og i 2010 var det samla premieavviket i Samnanger på kr 2 mill; om lag som revidert budsjett. Det positive premieavviket 2010 vert fordelt over dei neste 15 år som utgift. Det er i 2010 bokført eit akkumulert premieavvik på kr 869 000 som utgift. Avviket mellom akkumulert og årets premieavvik har vorte mindre dei siste åra, og det er viktig å hindra at det akkumulerte premieavviket vert for stort. Dette kan me påverka ved å bruka av fond til å betala pensjonsrekningar frå selskapa. Når me bruker av fond, vert årets premieavvik lågare og dermed og det akkumulerte premieavviket. I 2010 brukte kommunen 1,5 mill kr av premiefondet i Vital og 319 000 kr i KLP. Dette resulterer og i at kommunen får ein reduksjon i arbeidsgjevaravgift på kr 257 000. Pr 31.12.2010 har Samnanger kommune kr 4.010.980,59 på premiefond og kr 947.994,66 på AFP-fond hos Vital. Kommunen har fått melding om at kr 754.576,95 vert tilført premiefondet i Vital etter avstemming av premieutjamningsfellesskapet for 2010. Fond hos KLP blir fortløpande brukt til å betala pensjonsrekningar med.

Graf med premieavvik og akkumulert premieavvik



Premieavvik er inntekt og akkumulert premieavvik er utgift for kommunen.

## Finansplassering

Kommunen plasserte i 2009 5 mill kr i eit fastrenteinnskot i Nes Prestegjeldssparebank.

Innskotsperioden er 3 år, og kommunen får minimum 3,9% rente p.a.

First Eiendomsinvest I as og Sparebanken 1 Eiendomsinvest as fusjonerte i 2010 til Nordisk Areal Invest as. Aksjane har hatt ein gledeleg oppgang i 4.kvartal, og verdien auka frå 69,50 pr 01.01.10 til kr 77,50 pr aksje pr 31.12.10. Aksjeposten til Samnanger kommune har som følgje av fusjonen blitt redusert frå 40 000 aksjar til 39 147 aksjar. Det er i 2010 bokført ein urealisert gevinst på kr 253 592. Aksjeposten er no lettare omsetteleg.

Når det gjeld dei andre aksjane/ pengemarkedsfonda, har me 1,06 mill kr plassert i First Norway Alpha som har gitt eit tap på 2,16 % og 0,23 mill kr i Pluss pengemarkedsfond som har gitt avkastning på 2,33 %. Dette er dårlegare avkastning enn bank for begge plasseringane.

## Aksjar og eigardelar i varig eige

Samnanger kommunestyre bestemte i 2010 å kjøpe ytterlegare 5 aksjar i Norheimsund Industrier as. Det gjev Samnanger ein eigardel på 4,56 %. Kommunen vedtok og å gje Norheimsund Industrier as eit likviditetsslån på kr 280 000. Lånet er avdragsfritt og skal tilbakebetalast i 2013. Renta er på 5% og forfall til betaling 1.september kvart år.


Drifta i Prosam as vart overført til kommunen våren 2010, og selskapet vart avvikla 2011.

Aksjeposten er skriven ned frå kr 35 000 til kr 10 000. Eigardelen til Samnanger kommune var på 1/3-del. Prosjekta i Prosam as vart vidareført i kommunal regi.

## Utgifter

Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med kr 11 millionar, ein auke på 7,84 % frå 2009. Løn har redusert sin del av totale driftsutgifter, men har likevel auka med 4,97 %. 2010 var eit hovudoppgjer, og det er derfor naturleg at lønsutgiftene aukar. Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigen produksjon har auka med 38,6 % frå 2009 og aukar sin del av totale driftsutgifter med 1 %. Auken skuldast mellom anna at kjøp av legevaktenester frå Os fekk heilårsverknad i 2010 og auka frå kr 0,6 mill til kr 1,8 mill. Kjøp av vikarteneste og avlastningsplassar har og auka.

### *Driftsutgifter fordelt på art eks. premieavvik*



Tømming av private septiktankar, som skjer annakvart år, er og med på å utgjera den store auken frå 2009. Overføringer til andre er redusert med 1 % , både som sin del av driftsutgiftene og i forhold til 2009. Private barnehagar fekk i 2009 eit kommunalt tilskot på kr 400 000 som dei ikkje fekk i 2010. Det var heller ikkje utbetaling av tippemidlar i 2010 i motsetnad til i 2009. Kjøp av varer og tenester er den posten som har auka mest i kr-beløp med unnatak av løn. Den har auka sin del av totale utgifter med 2 % og har auka med 3,7 mill kr samanlikna med 2009. Dei postane som har auka mest er kjøp av konsulent med kr 350 000. Teknisk har auka denne posten med kr 796 000, medan barnevern har redusert kjøp av konsulent i 2010. Transportutgifter har auka med kr 634 000. Transportutgifter inkluderer både drivstoff og leigeskyss. Teknisk eining har her hatt ein auke på kr 304 000 og skyss innan skuleområde ein auke på kr 192 000. Straumutgiftene er auka med kr 277 000 frå året før. Denne auken var ikkje uventa når me veit kor kald og lang vinteren var. Kjøp av inventar og utstyr har og auka mykje samanlikna med året før og skuldast blant anna innkjøp til ny avdeling i barnehagen. Pleie- og omsorg har her auka utgiftene med kr 119 000.

### *Oversikt over lønsutgifter inkl. sosiale utgifter korrigert for sjukepengerefusjon og premieavvik*

	2006	2007	2008	2009	2010
Lønsutgifter	81 711	89 914	99 134	104 038	109 207
Sjukepengar	3 074	3 369	4 046	3 450	3 110
Netto løn	78 637	86 545	95 088	100 588	106 097
% auke	8,9 %	10,1 %	9,9 %	5,8 %	5,5 %

(tal i 1.000 kr)

2010 var eit hovudoppgjer. Tilsette fekk i snitt ein lønsauke på 5,5 %. Årseffekten for 2010 vert noko mindre for kommunen då ny årsløn ikkje gjeld frå 01.01. I tillegg til lønsauke for eksisterande personell kjem og auken som fylgje av auke i tal tilsette.

### Netto driftsutgifter

Den største endringa frå 2009 er at skuleområdet i 2010 brukar 31,2 % av totale netto driftsutgifter mot 33,5 % året før. Til tross for nedgangen, bruker kommunen framleis meir enn kommunegruppe 2 på skule. Pleie- og omsorg sin del har gått litt ned i høve til året før, og administrasjon og styring har ein auke på 0,4 % som i hovudsak skuldast ny stilling på IKT og auka forbruk på kontroll.

Sosialtenesta sin auke er knytt til mottak av flyktningar. Kulturkontoret har hatt ein nedgang og brukar langt mindre del av netto driftsutgifter samanlikna med gruppe 2. Samnanger kommune har

inntekter på næring som gjev oss ein negativt %-fordeling. Dette er med å forstyrre bildet når me skal samanlikne kommunen med andre kommuner.

*%- vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter*

	Samnanger kommune						Kommune gr. 2 2010
	2005	2006	2007	2008	2009	2010	
Adm. og styring	10,2	10,0	10,2	10,6	10,4	10,8	12,2
Barnehage	1,2	1,3	1,7	2,1	2,6	2,4	2,5
Skule	34,7	36,4	33,8	35,3	33,5	31,2	29,4
Helse	6,1	6,5	5,9	6,5	6,7	6,5	5,5
Pleie og omsorg	35,2	37,6	35,5	40,1	40,7	39,8	36,5
Sosialteneste	3,7	3,6	3,2	3,6	3,5	4,6	3,2
Barnevern	3,6	4,5	3,2	2,8	2,5	2,6	3,0
Kultur	2,8	2,5	2,7	1,7	2,7	1,5	3,8
Kyrkja	2,3	2,2	2,1	2,2	2,4	2,5	1,7
Næring	-4,7	-11,6	-3,5	-7,2	-8,1	-6,2	-1,1
Andre	4,9	7,0	5,2	2,3	3,1	4,3	3,3

### Finansutgifter

Finansutgiftene består av renter, avdrag, avskrivingar, avsetting til fond, overført til investeringsrekneskapen og årets udisponerte overskot mm. I forhold til 2009 er finansutgiftene redusert med 870 000 kr. Renter og avdrag utgjer ein stor del av kommunen sine utgifter. I 2010 betalte kommunen kr 9,9 mill i renter og avdrag på lån mot kr 7,2 mill i 2009. 2010 vart lån til Lønnebakken nedbetalt med kr 2,3 mill. Det vart tatt opp 3 nye lån i 2010. Eit lån til vidare utlån - startlån på kr 2 mill. Kr 4,73 mill var tatt opp hausten 2010 til finansiering av høgdebasseng på Ytre Tysse og kr 9,4 mill til 1. byggjetrinn Ytre Tysse. Det vart betalt kr 7,4 mill i avdrag på lån. Lånegjelda har totalt auka med kr 8,8 mill. Rentesatsane har vore stabile heile året, og Norges Bank har ikkje endra styringsrenta sidan mai 2010 då renta vart auka med 0,25 % poeng til 2 %. Den flytande renta var pr 31.12.10 i Husbanken 2,8 % og i Kommunalbanken 2,6 %.

Kommunen har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal vidareutlånast til innbyggjarar. Låntakar betaler renter og avdrag til kommunen. Det vil vera ein viss tidsforskyving i forhold til at kommunen betaler renter og avdrag på heile lånet men mottek inntekter på den delen som er lånt ut. Delar av rente- og avdrag på startlån vil derfor vera ein driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låne midlane ut til ein litt høgare rentesats, og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger ikkje har nytta seg av. Kommunen tek og risiko ved tap.


Kommunen tek og opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp. Brukar skal betala kostnaden med å produsera f.eks. vatn, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Her vil nedbetalings-tid kontra avskrivingstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Dvs sei at brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansiert.

Lån til nybygg og andre investeringar vert betalt med driftspengar.

Av utgifter til renter og avdrag gjeld kr 1,3 mill startlån og kr 1,5 mill lån til vatn.

Dersom me ser driftsdel av renter og avdrag i % av driftsinntektene, finn me at kommunen i 2010 brukte 44 % av driftsinntektene til å betala renter og avdrag på lån knytt til nybygg og andre investeringar som ikkje er knytt til VA-området eller startlån. Dersom me tek med alle lån som kommunen betaler, bruker Samnanger 61 % av driftsinntektene til å betala renter og avdrag på lån.

Årsaka til at renter og avdrag drift i 2009 var så låg, skuldast refinansiering og endra betalingstidspunkt på lån.




## Lånegjeld

Søylediagrammet viser lånegjeld (tal i heile tusen) og linjediagrammet viser netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter. Her ligg Samnanger i 2010 på 49,8 % mot 67 % i gruppe 2 og 52,3 % som er landsgjennomsnittet. Med tanke på at Samnanger dei neste åra skal auke opp lånegjelda betydeleg er det bra at me ikkje ligg høgare.

Spranget i lånegjeld frå 2007 til 2008 skuldast opptak av lån til Dråpeslottet barnehage. I 2010 er det tatt opp lån på til saman 16,13 mill kr medan lånegjelda totalt sett har auka med 8,8 mill kr. I 2011 er det vedtatt å ta opp 29,7 mill kr i lån.

Med rente på 5% p.a og løpetid på 20 år kostar det kommunen kr 100.000,- i renter og avdrag pr år for eit lån på 1 mill kr. Med avdragstid på 40 år er kostnaden kr 75.000 i året.

## Lånegjeld og netto gjeld i % av brutto driftsinntekter i 1.000 kr



## Inntekter


Kommunen får stadig større del av overføringane frå staten som rammetilskot. Dette er tilskjta frå staten si side som ynskjer ein inntektsvriding i kommunane frå skatt til ramme.

Kommunen sine inntekter har auka med 5,91 % frå 2009 til 2010. Skatt har redusert sin del med 1 % til 32 % , rammetilskot ligg på lik del som i fjar. I 2009 fekk kommunane 1,5 mill kr i auka rammetilskot som krisepakke.

Eigedomsskatt og Andre overføringar har redusert sin del av inntektene med 1 % og salsinntekter har auka med 1 % som i stor del skuldast at 2010 er eit tømme-år for private septiktankar. Den største endringa er refusjonar som har auka med 2 % ( kr 3,5 mill ) samanlikna med 2009. Barnehage har mottatt kr 1,6 mill meir enn i 2009. Overføring til barnehagar er frå 2011 lagt inn som del av rammetilskotet. For Samnanger sin del opplevde me ikkje reduksjon i overføringane som fylgje av

omlegginga. Kommunen har i 2010 fått auka refusjon frå stat og fylkeskommune til mellom anna prosjekt ”Bulyst” og RUP midlar (Regionalt utviklingsprogram) på til saman kr 900 000. Vedlikehald av lys på dei ”nye” fylkesvegane (tidlegare riksvegar) er i 2010 betalt av kommunane men med refusjon. Statens vegvesen har overført kr 340 000 til dette. Kommunen har også mottatt kr 437 000 meir i momskompensasjon, noko som har naturleg samanheng med auken i kjøp av varer og tenester.

*Oversikt over inntekt fordelt på art, i %*



### Tiltakspakken / Krisepakken

Samnanger kommune fekk i 2009 utbetalt kr 1,594 mill som ekstra midlar til vedlikehald/rehabilitering. Det vart fatta politisk vedtak om kva tiltak som skulle prioriterast. Det var ikkje alle tiltak som vart ferdige i 2009, og resterande løyving vart sett av på øyremerka fond til bruk i 2010.


Sykkelstativ på ungdomsskulen, oppussing av trygdebustad Skjervo og delar av arbeidet på Samnangerheimen er utført i 2010.

<b>Rest krisepakken 2010</b>		397.066,06
Sykkelstativ	25.066,06	
Samnangerheimen	317.000,00	
Sum brukt		342.066,06
<b>På fond pr 31.12.2010</b>		<b>55.000,-</b>

Me fekk våren 2010 tilbakemelding om at arbeidet som var planlagt på Skjervo og som vart utført i februar 2010, ikkje fekk midlar sidan tiltaket ikkje var sett i verk. Me har pr d.d ikkje fått krav om tibakebetaling av kr 55 000,- og pengane står på fond inntil vidare.

### Konsesjonskraft

Konsesjonskraftmengda som Samnanger kommune sel er 22.321,1 MWh/år. I 2010 selde kommunen krafta på spot-marknaden i 1.kvartal og til fast pris resten av året til 365 kr/MwH. Det er ein del variablar som inngår i kraftsal, og sjølv med fastprisavtale kan det verta noko avvik mellom budsjett og rekneskap. Kommunen fekk i 2010 inntekter på kr 6,3 mill som er kr 660 000 meir enn budsjettet. Me har i dag avtale med BKK som sel krafta vår. Kraftmeklarane der gir oss informasjon om utviklinga på kraftbørsen og kjem med råd. Det er kommunen sjølv som avgjerd tidspunkt for sal. For 2011 har kommunen seld krafta til fast pris for 1.kvartal og vurderer fortløpende 2., 3. og 4. kvartal. Me kan velja å ligga i spot-marknaden eller selja resten eller delar av året til fast pris.



(Tal i heile tusen) I 2006\* fekk me etterbetalt 2 mill kr som skuldast at delar av mengd konsesjonskraft tidlegare var stipulert, og me fekk etterbetalt for fleire år.


### Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det utskreve eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille. Kommunen fekk inn totalt kr 9,0 mill mot kr 8,6 mill i 2009. BKK betaler totalt kr 8,56 mill.

Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av likningsmyndighetene kvart år. Advokatfirmaet Lund & co as har etter oppdrag frå LVK og kommunen berekna korleis regelen om maksimumsverdi på vasskraftverk slår ut for Samnanger kommune. I Samnanger kommune har alle kraftverk nådd maksimumsavgrensing jf. eigedomsskatte-lovens § 8, 4.ledd. Utrekningar viser at kommunen tapte 4,2 mill kr for skatteåret 2010 pga denne regelen. LVK arbeider no med å forsøka fjerna regelen om maks/ minimumsberekning. Regjeringa vil starta arbeidet med å sjå på dette i 2011, men ein reknar med at prosessen vil ta nokre år.

### Finansielle nøkkeltal


Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setja av midlar til å møta ei mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av. Samnanger har i 2010 eit netto driftsresultat på berre 1 % av brutto driftsinntekter. Budsjettet for 2010 var krevjande, og det vart mellom anna vedtatt å bruke 1 mill kr av disposisjonsfondet for å få budsjettet på plass i tillegg til at fleire tiltak vart finansiert med bruk av fond.



## Dispositionsfond

Dispositionsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møta uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Udisponert overskot i 2009 på kr 4,6 mill kr er tilført disposisjonsfondet. Totalt sett har disposisjonsfondet auka med kr 128 116,28 i 2010. For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.

Saldo på disposisjonsfondet er pr 31.12.10 kr 5.346.596,24. Kr 2,53 mill. er nytta i 2011 budsjettet



(tal i hele tusen)

## Næringsfond

Pr 31.12.10 er kommunen sitt næringsfond på kr 955.681,59. Det er i 2010 blitt tilført sum kr 1.516.093,- . Av dette gjeld kr 898.443 konsesjonsavgift og kr 617.650 netto sal av tomтар på Lønnebakken (tilbakeføring av lånte midlar). Unytta løyvingar på kr 81.500 er tilbakeført til næringsfondet. Det vart i 2010 gjort vedtak på bruk av kr 1.764.000 av næringsfondet. I 2011 er det budsjettet med bruk av næringsfondet med kr 855.000

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrkja fondet ut over den konsesjonsavgift som skal avsetjast og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. Utestående her er 1,53 mill. kr. Det er 14 tomter på Lønnebakken som ikkje er selt pr 31.12.10. Av desse er det 4 tomtar som foreløpig ikkje ligg ute for sal pga tilkomst. Det er i februar 2011 sendt ut krav til 3 eigrarar med krav om at tomtane blir tilbakeført til kommunen pga at det er gått meir enn 3 år sidan overdraging og byggeverksemeld ikkje er starta opp.

Bruken i 2010-rekneskapen er som følgjer:

Bruk av næringsfondet	<b>2010</b>
Tilskot til private	375 000
Tilskot til kyrkja	350 000
Budsjett/ drift	292 500
Finansiering av investering	195 000
Prosam / Småkraft	520 000
<b>Sum bruk</b>	<b>1 732 500</b>

Samnanger kommune inngjekk i 2010 avtale om revisjon av rekneskapen med Deloitte as.

## INVESTERINGSREKNESKAPEN

I investeringsrekneskapen i 2010 er det ført utgifter på kr 20,74 mill. Budsjettet var på kr 21,04 mill. Nokre av prosjekta er ikkje starta opp som planlagt.

Det vart betalt inn ekstraordinært avdrag på **startlån** på kr 439 739. Dei er etter gjeldande reglar innbetalt til Husbanken. Kommunen hadde utlån av startlån til 32 kundar i 2010, av desse er 3 lån nedbetalt med ekstra avdrag. Det er utbetalt 2 nye startlån i 2010 på til saman kr 600 000. Kommunen tok opp nytt startlån hjå Husbanken på kr 2 mill. Lånet vart tatt ut i januar 2010. Saldo på unytta startlån var pr 31.12.10 på kr 1.960.484,-

### Investeringar i 2010

For 2010 vart det budsjettet med 11 investeringsprosjekt. Nokre er kome til i løpet av året og nokre er ikkje starta opp. Arbeidet med ny prestebustad vart påbegynt i 2009 og fullført i 2010. Totalt sett kom prestebustaden på kr 3,88 mill som er kr 230 000 meir enn budsjettet. Bygget vart i budsjettet finansiert med kr 500 000 fra ubunde kapitalfond og kr 3,15 mill i lån. Meirforbruket er finansiert med unytta midlar andre investeringsprosjekt.



Eit anna bygg som vart oppført i 2010 er næringsbygget på Bjørkheim. Det er no leigd ut til blomsterbutikken Dekorina, som flytta inn i haust, og til LAGA som flytta inn i februar 2011. LAGA sel m.a. kortreist mat. Bygget har fått auka opp budsjettet fleire gonger gjennom 2010 og kom til slutt på kr 880 000. Bygget er delvis finansiert med næringsfondet, tilskot frå Bjørnefjorden næringsutvikling og lån frå disposisjonsfondet. Prosjektmidlar frå småsamfunsmidlar, bulyst og liv & lyst har og vore viktig bidragsytarar. Dette er eit midlertidig bygg som har fått løyve til å stå i 2 år. I eige byggjerekneskap vil ein gjera greie for årsaken til meirforbruken.

Paviljongen på Bjørkheim vart fullført i 2010 med siste rest av lyssettinga. Totalt sett for 2009 og 2010 kom paviljongen på kr 609 000 som var kr 83 000 meir enn budsjettet. Meirforbruket i 2010 var på kr 23 000. Paviljongen er finansiert med tilskot frå private, bruk av fond og driftsmidlar. Meirforbruk er finansiert ved at andre investeringsområder har gått med mindreforbruk.

På Ytre Tysse var det stor aktivitet i 2010. For høgdebassenget gjenstår det litt arbeid i 2011. Første byggjetrinn vedr. miljøgate, park og kai-anlegg er godt i gang og opninga er sett til 18. juni 2011. Høgdebassenget er finansiert med låneopptak medan prosjekt Ytre Tysse – 1. byggjetrinn – skal finansierast med lån og tilskot. Det er tatt opp lån på til saman kr 14, 23 mill. for desse to prosjekta.

Høgdebassenget hadde pr 31.12.10 eit meirforbruk på kr 382 000, i tillegg vil det koma ytterlegare kostnad. GBS har fakturert kr 4,6 mill av ein kontraktssum på kr 5,0 mill. Det skal leverast byggjerekneskap når høgdebassenget er ferdig og det totale meirforbruket må takast stilling til. Meirforbruket pr 31.12.10 er finansiert ved å låna av unytta lånemidlar prosjekt Ytre Tysse.

Ballbingen på Gjerde kom på plass i 2010 og er finansiert med spelemidlar. Kommunen kjøpte våren 2010 rubbhallen på

Frøland for kr 730 000, utgiftene er finansiert med leigeinntekter. Leigeinntekter blir tilbakebetalt til disposisjonsfondet i samsvar med kommunestyrevedtak. Det vart i desember kjøpt inn ein



tankbil for å avhjelpe vassmangel primært i Rolvsåg. Den skal og nyttast som beredskap ved brann.

Fylgjande investeringsprosjekt er ikke påbegynt.

- Arbeidet med å planlegg og tilrettelegge industriområdet i Rolvsåg er ikke påbegynt og er ført opp att i budsjettet for 2011. Summen er då auka frå kr 500 000 til kr 1 mill.
- Det vart budsjettet med kjøp av traktor i 2010. Traktoren vart kjøpt inn i 2009 finansiert med innsparing på driftsbudsjettet til teknisk eining
- Nytt styringssystem i Myra vassverk er utsatt til 2011
- Det er arbeid ved Samnangerheimen som er sett på vent i påvente av vedtak om evt. nybygg.
- Planlegging av senter for funksjonshemma er ikke påbegynt.

## Tomtar

Det er selt 2 tomter på Lønnebakken av totalt 16. Den eine er til einebustad og den andre til to-mannsbustad. Inntekta er, med frådrag for utgifter, tilbakeført til næringsfondet.

I Rolvsåg byggefelt er det selt ein tomt til kr 120 000, og i Rolvsåg industriområde er det selt 1 tomt til kr 70 675. På grunn av meirforbruk på andre investeringsprosjekt er inntekter av sal ikkje sett av til ubunde investeringsfond.



Ein oversikt over finansiering av investeringar i Samnanger i 2010.

				Finansiering						
	Utgift	Avsett	Mindre forbruk inv.*	Lån	Tilskot	Fond	Krise pakken	sal	drift mindre forbruk	drift moms komp.
<b>Bygg</b>										
Paviljong	171		24		41	12			50	44
Næringsbygg Bjerkheim	881				35	320			526	0
Samnangerheimen	428					233	116			79
Prestebustad	3 317			3 087		230				0
Lagerbygg Frøland	730					730				0
Flaumsikring barnehage	353					282				71
Ballbinge på Gjerde	591				474					117
<b>Eigedom</b>										
Lønnebakken	142	617						731		28
Bustadfelt Rolvsåg	127	0	-18						120	25
Bustadfelt Reistad	19					15				4
Industriområde Rolvsåg			-70					70		
Tankbil	190					190				
Planlegging barneskule	216		65			108				43
Planlegging hall	79					63				16
<b>Ytre Tysse</b>										
Høgdebasseng	5 212			5 212						
Ytre Tysse: park, kai, miljø	7 580			6 922		0				658
<b>Sum</b>	<b>20 036</b>	<b>617</b>	<b>0</b>	<b>15 221</b>	<b>550</b>	<b>2 183</b>	<b>116</b>	<b>921</b>	<b>576</b>	<b>1 085</b>


\*Ikke avsett til kapitalfond/ bruk til å finansierer meirforbruk investering (tal i heile tusen)

Når me ser på investeringane i 2010 samla, ser me eit avvik mellom rekneskap og budsjett noko som skuldast måten me budsjetterer på. Nokre av investeringane som vart gjort i 2010 er vedtatt og budsjettet i tidlegare år. Me har i 2010 forsøkt å fjerna dette avviket ved å føra opp rest budsjettsum for t.d. prestebustaden som vart påbegynt i 2009. Dette gjer det og langt enklare å halda kontroll både på kva tiltak det er løyvd pengar til og kva som er unytta løyving. Andre avvik skuldast at investeringstiltaka ikkje er sett i gang / ferdig i 2010. Avvik på krisepakken skuldast at ein del av arbeidet på Samnangerheimen høyrer heime i driftsbudsjettet, men vart budsjettet som investering.

Oversikt over finansiering (*tal i heile 1.000 kr*):

	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
<b>Sum investeringar</b>	20 736	21 040	304
Finansiert ved.:			
Lån	15 221	15 617	396
Statstilskot/ refusjon	0	0	0
Andre tilskot	274	0	-274
Gåver / tilskot	276	75	-201
Frå drift: mindreforbruk	533	470	-63
Frå drift: momskomp.	1 129	1 057	-72
Krisepakken	116	300	184
Dispositionsfond	1 671	2 075	404
Ubunde investeringsfond	836	700	-136
Bunde fond	12	200	188
Næringsfond	365	365	0
Salsinntekter	921	700	-221
Avsett til fond	-618	-520	98
<b>Sum finansiering</b>	<b>20 736</b>	<b>21 040</b>	<b>304</b>

### Finansiering samanlikna med andre



I 2010 skal minimum 20 % av investeringsmomsen tilbakeførast til investeringsrekneskapen. Denne pliktige tilbakeføringa aukar med 20 % kvart år. Samnanger vil ikkje få noko problem med å omstilla seg til dei nye reglane då me i liten grad har brukt refundert mva knytt til investeringar til å finansiere driftsutgifter.

Samnanger har tidlegare år brukta mindre lånemidlar enn resten av landet til å finansiera investeringar, men i 2010 er me på landsgjennomsnittet og litt over gruppe 2. Kommunen bruker meir av eigne midlar enn i gruppe 2 og landsgjennomsnittet medan kommunen kjem langs därlegare ut når det gjeld tilskot, refusjon og sal. Kostra-statistikk viser berre posten sal med eigne tal, og her ligg me litt over gruppe 2 og under landsgjennomsnittet. Kommunen bør arbeida for å henta inn større del av finansiering frå tilskot og refusjonar. Medfinansiering frå næringsdrivande på ein del av infrastrukturen er lite nyttig i Samnanger.




*Det må store maskiner til for å fornya Ytre Tysse*

## Personalstatistikk

Samnanger til liks med kommunar generelt bruker ein stor del av driftsmidlane til løn. Jmf. tidlegare oversikt. Endringar her det vera seg auka bemanning, endring i sjukefråvær og liknande vil ha betydning for ressursbruken. I 2010 har me hatt vakansar og sjukefråvær t.d. i teknisk eining som klart har påverka tenesteproduksjonen vår.

### Tilsette i kommunen



Kommunen hadde 189 årsverk pr. 31.12.2010, fordelt på om lag 265 personar. Dette er ein auke på om lag 7 årsverk frå 31.12.2009. Auken i årsverk kjem av at det vart opna ei ny avdeling i Nordbygda barnehage, stillingsauke innanfor barnevern, at det vart innført leksehjelp og ein time meir undervisning i barneskulen og at skule og barnehage har fått auka stillingar i samband med mottak av flyktningar. I perioden 2006 – 2010 har det vore ein auke på om lag 26 årsverk i kommunen. Rapporteringsrutinane for å registrera tal årsverk vart endra frå 2009 og dette forklarar delar av auken frå 2008 til 2009.



Talet på årsverk i kommunen vil også variera noko frå år til år, avhengig av ressursbehov hos pasientar i pleie og omsorg, skuleelevar m.fl.

### Aldersfordeling

Aldersfordelinga viser at kommunen må arbeida aktivt både med å behalda og rekruttera medarbeidarar i åra som kjem. Mange tilsette vil nå pensjonsalder i løpet av dei neste åra.




### Fordeling kvinner/menn

Fordelinga av kvinner og menn er i


hovudsak den same i Samnanger som i dei fleste andre kommunar. Det bør vera ei

målsetting å få ei jamnare kjønnsfordeling innanfor ein del tenesteområde, til dømes barnehage, pleie/omsorg, kommuneadministrasjon og teknisk drift/vedlikehald.



### Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2010 var 6,4 prosent. Dette er ein auke på 0,9 prosentpoeng i forhold til 2009. Det var i hovudsak langtidsfråværet som auka frå 2009 til 2010. Arbeidsmiljøutvalet vedtok i juni 2010 målsetting om at det samla sjukefråværet i kommunen ikkje skal vera høgare enn 5,5 prosent



### Tilgang på arbeidskraft

Generelt hadde kommunen i 2010 tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft innanfor dei fleste fagområde. På same måte som i 2009 var det utfordringar med rekruttering av lærarar med rett fagfordjuping, samt rekruttering til enkelte stillingar innanfor teknisk eining. Det er også ei utfordring for kommunen at fagmiljøa våre innanfor ein del område er små. Dette har mellom anna gjort det vanskeleg å behalda arbeidskraft innanfor teknisk eining med høgskule-/ universitetsutdanning.

### Tilsetjingar

Talet på saker i tilsetjingsutvalet var lågare i 2010 enn i åra før. Dette skuldast i hovudsak at det var færre tilsetjingssaker i pleie og omsorg. Årsaka til dette er mellom anna at innføring av årsturnus har redusert behovet for tilsetjingar i løpet av året/i turnusperioden.

### Lokale lønsforhandlingar 2010

Det vart i 2010 gjennomført lokale lønsforhandlingar for alle grupper av tilsette. Det vart ingen brot i forhandlingane.

### Opplæring for tilsette

Det vart ikkje gjennomført fellesopplæring på tvers av alle einingane i 2010. Det vert vist til einingane sine årsmeldingar for informasjon om kva opplæring som vart gjennomført der i 2010.

### Fellesarrangement for tilsette

Det var ingen fellesarrangement for alle tilsette i kommunen i 2010. Det er sett av midlar til eit fellesarrangement i 2011. Dette er i samsvar med rådmannen sin intensjon om å ha eit fellesarrangement annakvart år.

## Samnanger kommune samanlikna med andre

Dei minste kommunane har noko meir frie inntekter målt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Dei same kommunane har ”smådriftsulemper” og treng meir midlar for å kunne gje innbyggjarane sine gode tenester. Samnanger kommune er berekna til å vera 13 % dyrare å驱va enn gjennomsnittet i landet . I inntektssystemet – rammeoverføringa – er dette dels kompensert gjennom regionaltilskotet (småkommunetilskot) som går til kommunar under 3000 innbyggjarar. I 2010 vart tilskotet på kr 5,7 mill.


Finansielle nøkkeltal	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,0	2,2	2,1
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	40 877	41 327	35 687
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	152,1	187,0	175,6
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	33 987	47 024	31 826

Som nemnd tidlegare tilseier god økonomistyring eit netto driftsresultat på 3 %. Dei fleste kommunane oppnår ikkje dette, og i 2010 er dette ytterlegare forsterka. M.a. store investeringar med påfylgjande høge kapitalutgifter har bidratt til det. Tabellen viser at Samnanger har ca 5.000 kroner meir pr innbyggjar enn landsgjennomsnittet i frie inntekter, men me har vel 10.000 kroner meir i korrigerte brutto driftsutgifter. Me ligg litt under nivået både på inntekter og utgifter til gruppe 2-kommunane. Samnanger står føre store låneopptak, og det er derfor grunn til å gle seg over at me for 2010 har ei langt lågare gjeld enn dei andre når me mäter det i høve til driftsinntektene våre.

### Skatt og rammetilskot

Kommunane sine ”frie” inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot. Dei minste kommunane har ein mindre del av inntektene sine frå skatt på inntekt og formue og tilsvarande meir frå rammetilskotet. Slik har det alltid vore. Samnanger hadde i 2009 ein god skatteinngang samanlikna med dei andre og også med tidlegare år. I 2010 utgjer skatt ein mindre del av brutto driftsinntekter noko som gjer at me er meir avhengig av andre for å oppretthalda inntektene våre. Landet sett under eitt opplevde ein viss auke i skatteinngangen sjølv om den var liten samanlikna med tidlegare år. Dette skuldast dels at skatt sin del av overføringane vart redusert. .

Skatt og rammetilskot i % av brutto driftsinntekter 2009 og 2010



### Andre inntektstyper

For Samnanger utgjer gode inntekter frå sal av konsesjonskraft og eigedomsskatt på verk og bruk ein del av dei frie inntektene. Samnanger kommune mottekk og naturressursskatt som

fylgje av kraftproduksjonen i kommunen. I 2010 utgjorde naturresursskatten for Samnanger 4.465 mill kroner.

Me ser og at Samnanger saman med gruppe 2 får mykje mindre del av inntekta frå andre statlege overføringer. Dette vil i stor grad vera inntekter knytt til bestemte prosjekt.

Samnanger har dei siste åra vore meir aktiv med å sokja om øyremerkja midlar, men desse inntektene utgjer likevel ein mykje mindre del av våre inntekter.

#### *%-vis fordeling av brutto driftsinntekter*

	<b>Samnanger</b>	<b>Gr. 2</b>	<b>Landet</b>
Andre statlege tilskot	3,2	5,0	8,3
Eigedomsskatt	5,5	2,4	2,3
Konsesjonskraft	3,9	0,4	0,2
Sals- og leigeinntekt	10,0	13,7	12,9
Andre driftsinntekt.	17,6	19,6	17,5

#### **Bruk av midlane - prioritering**

Ulikskapar i bruken av midlane mellom kommunar kan skuldast medvetne prioriteringar, men det kan også skuldast lokale tilhøve. Ulik samansetting av innbyggjarane t.d. i høve til alder vil gje ulik etterspurnad etter kommunale tenester.


#### *%-del av folketalet fordelt på aldersklasser.*

	<b>Samnanger</b>	<b>Gruppe 2</b>	<b>Landet</b>
<b>0 åringer</b>	1	1,1	1,3
<b>1-5 år</b>	6,6	5,6	6,2
<b>6-15 år</b>	12,2	13	12,5
<b>0 - 15 år</b>	<b>19,8</b>	<b>19,7</b>	<b>20</b>
<b>16-18 år</b>	3,7	4,1	3,9
<b>19-24 år</b>	7,8	7,6	7,8
<b>25-66 år</b>	54,5	52,7	55,3
<b>67-79 år</b>	8,2	10	8,5
<b>80 år og over</b>	6	6	4,5
<b>67 år og over</b>	<b>14,2</b>	<b>16</b>	<b>13</b>

Samnanger skil seg i heller liten grad frå landsgjennomsnittet når me ser på %-del barn. Me har relativt sett fleire over 80 år, og me veit at dei eldste etterspør meir tenester både frå pleie og omsorg og frå helsevesenet og kan vera ei forklaring til at me bruker meir innan desse områda.

I figuren under er det gjort eit forsøk på å samanlikna bruken av midlar mellom ulike kommunegrupper samstundes med at det vert teke omsyn til storleiken på brukargruppa. Det kan vera mange grunnar til ulikskapar, særleg for dei minste kommunane der einskildtilfelle det vera seg elevar med store tilpassings- eller læreproblem eller klientar med omfattande hjelpebehov i plo får stor betydning.

## Netto driftsutgifter i kroner målt pr. innbyggjarar/aldersklasser



(Barnehage pr. innb. 1 – 5 år, skule 6-15 år, sosial 20 – 66år, barnevern 0-17 år)

Ut frå denne statistikken ser me at Samnanger bruker vesentleg meir midlar til skulebarn enn dei andre. Avstanden har minka, men reduksjonen frå 2009 er ikkje særleg stor. Utgiftene til pleie- og omsorg har auka dei siste åra, og me ligg no ein god del over dei me samanliknar oss med.

### Produktivitet – kostnad pr stk.

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	154 725	133 241	141 789
Korrigerte brutto driftsutgift grunnskole, skolelokale, skoleskyss per elev	112 979	101 351	87 458
Gjennomsnittlig gruppestørleik 8.-10.årstrinn	11,7	12,5	14,9
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottakar av heimetenester i kr	230 211	174 629	185 329
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	858 933	810 668	852 661

Bak desse tala kan det skjule seg mange ulike faktorar. Det kan t.d. nemnast at i Samnanger får vesentlege færre heimetenester, men at me har større utgifter pr. brukar. Seinare i meldinga vil me koma nærmare inn på denne statistikken.

## Kommentarar til dei einskilde tenesteområda

Einingsleiarane sine årsmeldingar fylgjer i andre del av årsmeldinga. I denne delen vil rådmannen nytta informasjon frå KOSTRA-statistikken til å vurdera kostnadsnivået vårt samanlikna med andre kommunar. Sjølv om kvaliteten på statistikken etter kvart har vorte bra, må me alltid vera merksam på at det kan vera feilkilder t.d. pga. av ulik organisering av tenestene. Som hovudregel vert Samnanger samanlikna med gruppe 2 (små kommunar med middels god økonomi), landsgjennomsnittet og gjennomsnittet av kommunane i Hordaland.


I tillegg vert det og gitt ein del generelle kommentarar til drifta. I den grad det ligg føre mål for tenesteområda vurderer me resultata opp mot dei. Me peiker også på ein del utfordingar som Samnanger står føre.

### Sentrale styringsorgan og fellesutgifter

Sidan våren 2009 er hovudansvaret for dette området lagt til stabssjef. Ein del funksjonar knytt til fellesutgifter har for 2010 vore delt mellom rådmann og stabssjefen, men frå 2011 er ansvarsfordelinga tydlegare, og det er m.a. føreteke endringar i kontoplanen.




Dette området inkluderer også politisk styring og kontroll. Ressursbruken her er kommentert under kapitlet politisk verksemd. I figuren under er likevel desse utgiftene med.



Figuren viser at me i 2010 nærmar oss nivået for gruppe 2, men me bruker likevel ca 1.5 mill. mindre enn om me hadde lagt på gjennomsnittsforbruket for desse kommunane. Auken vår frå 2009 skuldast ny 100% IKT-stilling, aukaressursar til politisk sekretariat, meir bruk av

konsulenttenester innan kontroll og revisjon. Tilskot til breiband på Tveit/Langeland på kr 200.000 inngår og i reknestykket.

Funksjon 120 omfattar rådmannen, staben og fellestenesta inkl. IKT. Samnanger har ein relativ sett rimeleg sentraladministrasjon, men samanlikna med dei større kommunane har me vesentleg høgare utgifter. Som nemnd over har det vore ein viss auke i desse utgiftene i 2010, og me ligg no nærmere gruppe 2 i kostnadsnivå enn det me tidlegare har vore. Løn utgjer ein vesentleg del av utgiftene også for dette området.



Etter rådmannen si meining har ny organisering gjort arbeidet i sentraladministrasjonen meir effektiv. Hovudgrunnen til det er at me har klart å skilja mellom driftsoppgåver, forvaltning og prosjekt/plan. Med ein så liten stab må mange jobba på alle områda, men det er likevel klarare i organisasjonen kvar oppgåvane skal løysast.

Personalet i sentraladministrasjonen opplever ofte kvar dagen som stressande. Innbyggjarane forventar stadig meir ikkje minst på informasjonssida. Nye verktøy har gitt oss moglegheit til å imøtekoma dette ynskje, men det har og skapt eit større behov for enda meir informasjon. Politikarane har og behov for opplysning og informasjon. Aktiviteten i Samnanger på samfunnsutvikling – planlegging og prosjektering – har vore stor dei siste åra. Når me i tillegg har vakansar i sentrale stillingar i t.d. teknisk eining, vert det krevjande. Problem med dårlig kapasitet i høve til oppgåvene er dels forsøkt løyst med bruk av ekstern konsulent, men det er ikkje tilstrekkeleg. Etter rådmannen si meining må ein anten auka bemanninga eller redusera aktiviteten.

### Pedagogisk tenestekontor

I 2010 har arbeidet med endringane i skulestrukturen i Samnanger hatt hovudfokus for pedagogisk konsulent. Omorganiseringa av barneskulen tyder fleire informasjonsmøte med tilsette og føresette, og interne drøftingar, og dette var omfattande. Vidare har medverknad i utarbeidinga av byggjeprogrammet for Samnanger barneskule, vore eit prioritert område. Innføringa av intensjonane i Kunnskapsløftet, med ny vurderingsforskrift, inneber råd og rettleiing til skuleleiarane, planlegging og gjennomføring av kompetansehevingsplanar for det pedagogiske personalet, både etter- og vidareutdanning, og samarbeid i Midhordland kompetanseregion.



I fagforum for skule og barnehage har me hatt fokus på strategiplan for skulane, revidering av rutinar for overgongen barnehage - skule, oppfølging av "Vatn-kreative krefter" og leseplan. I vårhalvåret vart det utarbeidd ny fag- og timefordeling for barnetrinnet, og ny organisering av skuledagen inkludert leksehjelp. Vidare er det starta planarbeid og konkret arbeid med trafikkopplæring.

Frå februar 2010 har det vore arbeidd med tilrettelegging for dei 6 eritreiske flyktningborna i skulen og barnehagen.

Samarbeidsavtalen med Fredskorpset vedk prosjektet med lærarutveksling med Sigowet i Kenya vart formelt avslutta i 2010.

### **Vaksenopplæringa 2010**

Vaksenopplæringa i Samnanger er leia av pedagogisk konsulent, som òg har ansvar for sakshandsaming og enkeltvedtak. Det er behov for ei evaluering av tenesta og planlegging av ei ev omorganisering; dette har ikkje vorte prioritert i 2010. Det er inngått samarbeid med Nygård skole i Bergen, og med koordinator for funksjonshemma i Samnanger.

Vaksenopplæringa omfattar grunnskuleopplæring og spesialundervisning for vaksne etter opplæringslova § 4A-1 og 4A-2, og norskopplæring for vaksne innvandrarar etter introduksjonslova § 17. I løpet av 2010 har totalt 14 vaksne fått opplæring i norsk med samfunnskunnskap. Dei fleste får dekka skyss til Bergen, og dei får opplæring ved Nygård skole, tilpassa den einskilde sitt nivå. Dette inkluderer dei vaksne, eritreiske flyktningane. I tillegg til kjøp av tenester frå Bergen kommune, vart spesialpedagog i ca 40 % og assistent i ca 20 % stilling brukt innan vaksenopplæringa. Det var i 2010 ingen vaksne som fekk ordinær grunnskuleopplæring.

Ei utfordring har vore å få tilsett ny logoped i kommunen, noko ein ikkje har lukkast med i 2010. Det vart i 2010 kjøpt noko ekstern logopedikompetanse til afasipasientar. Behovet for logoped og spesialpedagog i vaksenopplæringa varierer frå år til år. Denne fagkompetansen kan nyttast i fleire einingar, innanfor barnehage, skule og ev andre einingar i tillegg til direkte i vaksenopplæringa. Ein vurderer no fleire kombinasjonar og ev samarbeid med andre kommunar for å få tilsett eller kjøpt fagkompetansen.

## **Kap. 1.14 næring m.m.**

### **Verdibrev til ungdom**

Ordninga med verdibrev på kr 25.000 for å stimulera eigne ungdomar til å busette seg i kommunen vart vedteke i 1998. I 2009 vart det betalt ut kr 75.000 mot budsjettet 250.000. Me har sett ein gradvis reduksjon i utbetalingane, noko som gjerne er ein peikepinn om at me i åra framover kan rekna med reduserte utbetalingar. Samnanger kommune har betalt ut knapt 3 million kroner til saman på denne ordninga.

### **Næringsutvikling**

Samnanger kommune sitt engasjement for næringsutvikling skjer dels i eigen organisasjon ved råd og rettleiing til etablerarar og dels gjennom andre organisasjonar me er medlemmer i. Me har dei siste åra hatt ein tettare dialog med Hordaland fylkeskommune og landbruksavdelinga hjå fylkesmannen innan desse områda. Samnanger kommune er medleigar i Business Region Bergen (BRB). Dei tilbyr m.a. etableraropplæring som innbyggjarane i Samnanger kan ta del på. I 2010 utarbeidde BRB ein strategisk næringsplan for regionen, og tanken er at medlemskommunane skal byggje vidare på den i sine strategiske planar. Samnanger har ikkje kunne prioritert dette arbeidet i 2010. Det interkommunale

selskapet Bergensregionen er vedteke lagt ned. Det er eit utfordring om korleis prosjekt som SKR (datasatsinga) skal vidareførast. Regionrådet skal etter planen erstattast av Bergensalliansen, som i hovudsak er tenkt vera ein viktig og strategisk møteplass for kommunane rundt Bergen. Arbeidet med å få organisasjonen på plass er ikkje slutført.



Bjørnefjorden næringsutvikling er vedteken oppretthalden, primært for å få tilgang på regionale tilskotsmidlar. Samnanger kommune har teke på seg

både sekretær- og leiarfunksjonen i BNU. I 2010 vart det fordelt ut 950.000 kroner i tilskot (fylkeskommunale midlar formidla gjennom styret i BNU). Hovudtyngda av midlane gjekk til dei tre kommunane til planlegging, tilrettelegging og marknadsføring av næringsareal. Ein del private verksemder fekk også tilskot. Det er eit krav om at aktiviteten skal vera regional.

### Bruken av det kommunale næringsfondet

Samnanger kommune yter tilskot til både etablerte verksemder og verksemder under etablering. Tilskot vert finansiert av kommunen sitt eige **næringsfond** – kraftfondet – som får ei årleg tilførsel på knapt 900.000 kroner.

I rekneskapen for 2010 har me nytta kr **1.367.500** av næringsfondet i drifta og kr **365.000** i kapitaldelen.

Funksjon	Prosjekt	Sum	
1206	Breiband	Breiband på Tveit	50.000
3900	Kyrkja	Diverse utbetring av kyrkjebygg	125.000
3251	Næringsføremål	Utbetaling av tilskot private	469.606
3251	Næringsføremål	Tilskot til kraftsenteret	200.000
3251	Næringsføremål	Diverse prosjekt bulyst m.m.	157.894
3857	LivOGlyst	Kommunalt tilskot	20.000
3858	Bulyst	Eigendel kommune div. prosjekt	180.000
3859	Småsamfunn	Div. tiltak i samarbeid med fylkesmann/kommune	65.000
3010	Administrasjon	Delfinansiering einingsleiar teknisk arbeid med næring	100.000

Når det gjeld tilskot til private kan det ut frå vedtekne retningslinjer for det kommunale næringsfondet berre gjevast støtte til investeringar. I 2010 vart det fatta vedtak om kr 470.000 i direkte støtte til einskildbedrifter/personar, meir enn halvparten vart gitt som støtte i samband med skifte av drosjeløyvehavar.

Verksemrd/Person	Tiltak	Tilskotssum
Gro Bauge	Rideanlegg Nordvik	75.000
Fjørdrønna a.s	Studietur Economuse	10.000
Trond Haga	Drosje	270.000
Solbjørg Drift a.s	Skogsdrift, landskapspleie m.m	75.000
Joachim Totland	Motorcrossbane – utgreiing	40.000

Ikkje alle prosjekt kjem i gang eller dei kjem i gang seinare enn løyvingsåret. Det er derfor ikkje alltid samanfall mellom rekneskap og løyvde midlar.



**PROSAM**

Etter initiativ frå Samnanger kommune vart det bestemt å avvikla ProSam a.s. Vedtaket vart gjort i 2009, men pga. ein del papirarbeid m.m. vart dette formelt gjort i 2010. Kommunen har måtte dekkja utgifter i 2010 på rundt rekna 75.000 kroner. Delar av dette er avskreve på aksjekapitalen, slik at me har utgiftsført eit tap her på 25.000 kroner. Samnanger kommune har teke ansvar for prosjekta som var sett i gang i ProSam og også utvida ein del av dei. Hovudtyngda av prosjekta er knytt til kulturbasert næring og vert kommentert av kultursjefen.

### Det 3. economuseé i Noreg

Fjordtønna er det 3. Economuseé i Noreg. Her skal gamle handwerkstradisjonar få nytt liv gjennom eit visningssenter med produksjon, utstilling og sal av produkta. Det er



verksemda sjølv saman med Hordaland fylkeskommunen som har arbeidd fram prosjektet. Samnanger kommune deltok i opning gjennom å leia programmet samt å stå for bevertninga m.m.

Fylkesmannen i Hordaland sto for den offisielle opninga.



Kompetansesenteret for småkraft har skifta namn og fått logo i 2010. Gerhard Kahrs avløyste

Gunnhild Utkvitne som prosjektleiar i august. Det vert arbeidd aktivt for å koma fram til tiltak som gjer at senteret vil kunna stå på eigne bein i alle fall til ein viss grad når prosjektperioden på tre år er omme. Det vart søkt om deltaking i EU-prosjekt, men därleg

oppslutning frå andre aktuelle partar gjorde at søknaden ikkje vart realisert. Dette vert det jobba vidare med i 2011, m.a. gjennom eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Etter avtale med departementet (møte i juli) har det vore arbeidd med ei prosjektskisse med føremål å kartleggja potensiale for småkraft i Hordaland inkludert potensialet i sidestrengar til verna vassdrag.



Styringsgruppa og ein del tilsette i kommunen var på studietur til Lolland i Danmark i juni for å sjå på korleis dei arbeider med utvikling av ulike energi- og klimatiltak og korleis samarbeidet skjer mellom kommune/fylkeskommune, forskingsmiljø og private. I etterkant har Samnanger kommune inngått ein samarbeidsavtale med Lolland kommune om erfarings- og kunnskapsutveksling mellom Samnanger (ved Kraftsenteret) og Lolland. Kraftsenteret har og arbeidd opp mot Statnett og BKK nett med tanke på at det skal byggjast ein stor trafo i Børdal. Det vert vurdert å få i gang utviklingsprosjekt i tilknyting til dette.

Samnanger kommune deltek aktiv i senteret si utvikling. I tillegg til ei årleg løyving på kr 200.000 er fleire av kommunen sine tilsette involverte i prosjektet. Det er særleg i gruppa

livslang læring at dei tilsette har jobba målretta med å få fram ”salgbare” produkt. Styringsgruppa er breidt samansett med fylkeskommunen, fylkesmannen, BKK, Hardangerrådet, Høgskulen i Bergen og Sparebanken Vest som deltagarar. Ordføraren er leiar av denne styringsgruppa. I 2010 vart det brukt vel 1.5 mill. kroner.

## Marknadsføring av kommunen


Ein viktig strategi for å få auka folketalet vårt er å gjera Samnanger kjend. Avstanden til Bergen er mykje kortare enn mange trur. I kommuneplan har me fylgjande hovudmål  
**Gjennom aktiv marknadsføring skal Samnanger gjerast kjend.**


Gjennom deltakinga vår i bulyst m.m. har me markert oss positivt ikkje minst i høve til fylkeskommunen, fylkesmannen og departementet. Innan dette prosjektet er det fleire tiltak som kan vera med å marknadsføra kommunen på ein god måte. Rydding av skogen langs hovudvegane – sjå sjøen- er eit slikt tiltak. Det starta opp i 2009, og held fram også i 2011. Dette er til glede for alle både fastbuande og folk på gjennomreise.

Som ledd i å laga ein marknadsføringsstrategi/plan deltok ordførar og ass. rådmann på omdømmeskulen i regi av Distriktsenteret. På budsjettet for 2011 er det sett av litt midlar til oppfølging. Det skal både arbeidast internt i organisasjonen og eksternt, herunder også med direkte marknadsføring.



Som eit første ledd i marknadsføringa fekk me i 2010 utarbeidd ei brosjyre i samarbeid med ein del av dei næringsdrivande. Annonsering frå dei betalte mesteparten av brosjyren. Me har så langt ikkje brukt denne aktivt nok, noko som må gjevast prioritert framover våren.






## KYRKJA

Kyrkja har i løpet av 2009 og 2010 fått vesentleg auke i overføringane. Dei auka midlane har hovudsakleg gått til opprusting av kyrkjene inkl bygging av nytt reiskaps- og velferdsbygg. Dette erstatta dei gamle, stygge brakkene. Bygget kom på ca. 1.200.000 kroner og er finansiert med lån (kr 500.000) og kommunale fond. Det er og løyvd midlar til fleire større vedlikehaldsoppgåver. Isolering av kyrkja på Ådland vart vesentleg dyrare enn budsjettet, men maling av den same kyrkja vart vesentleg rimelegare. Samla er det løyvt midlar til ekstraordinært vedlikehald på kyrkjene (i det alt vesentlege på Samnanger kyrkje) i 2009 og 2010 med kr 1.378.000. Av ulike grunnar er ikkje alt arbeid utført, m.a. har det vore protestar frå vernemynde på installering av varmepumpe. Dette tiltaket venter ein å få gjort i år. Midlane står på fond som kyrkja disponerer. Ein del av tiltaka bør redusera energibruken, og dermed også driftsutgiftene.

Det ”ordinære” tilskotet var på om lag det same som året før, dvs. ca 2.2 mill. kroner.

	<b>Samnanger</b>	<b>Gruppe 2</b>	<b>Landet</b>
Netto driftsutgift. funksjon 390,393 i % av samla netto driftsutgifter	2,4	1,7	1,2
Brutto investeringsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbyggjar	292	180	155

Samnanger kommune ligg høgt på ytingane til kyrkja målt pr. innbyggjar. Det utgjer 2,4 % av netto driftsutgiftene til kommunen, det doble av gjennomsnittet for alle kommunane i landet. Sidan Samnanger har inntekter over landsgjennomsnittet, tilseier det ein vesentleg overføring av midlar til kyrkja samanlikna med andre.




KOSTRA-statistikken inneholder også informasjon om produserte tenester. Den viser at det er stor aktivitet i kyrkja i Samnanger. Det vert elles vist til kyrkja si årsmelding.

	<b>Samnanger</b>	<b>Gr.2</b>	<b>Landet</b>
Medlem av Dnk i % av tal innb	89,1	86,9	78,0
Døypte i % av tal fødte	158,3	100,6	66,3
Konfirmerte i % av 15-åringar	80,6	82,6	64,9
Kyrkj. gravferdar i % av tal døde	118,8	103,2	91,1
Kyrkjelege handlingar pr 1000 medl.	41	41	34
Deltaking gudstenester søn-/ heilagdag pr. innb	1,4	1,5	1
Gudstenester pr. 1000 innb.	25	23	13
Konsertar/kulturarrangement pr. 1000 innb.	3,8	2,6	2,4
Kyrkjeofringar pr. medlem	201	78	78



## PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE

Samnanger kommune bruker ein langt større del av samla ressursar til pleie og omsorgstenestene enn både dei mindre kommunane og vesentleg meir enn landsgjennomsnittet. Dette har halde seg slik dei siste fem åra med unnatak av i 2007. Me gir samstundes tenester til ein mindre del av befolkning, noko som inneber at me har langt høgare utgifter pr. brukar enn andre me samanliknar oss med. Dette kan delvis forklarast med at me har relativt sett høgare sjukeheimsdekking, men det forklarar ikkje heile situasjonen. Tilbodet til dei funksjonshemma har gradvis blitt utvida. Utfordringane våre no ligg i å finna høvelege tilbod for dei heimebuande.



Tal eldre definert som personar over 70 år har gått klart attende i Samnanger sidan 2005. Dette gjeld for alle aldersgrupper med unnatak av for personar over 90 år som har auka mykje. Behovet for tenester frå plo aukar markant med alder, og ein av grunnane til det høge forbruket vårt kan kanskje ligge her.

*Tal personar i ulike aldersgrupper pr. 1.1.*

	<b>2005</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>Endring 2005 - 2011</b>
70-74 år	86	47	63	- 23
75-79 år	85	78	74	-11
80-84 år	78	65	62	-16
85-89 år	52	48	49	- 3
90 år og eldre	20	29	33	13

Som tabellen under viser har Samnanger like stor andel som gruppe 2 av personar over 80 år, men for dei mellom 67 og 80 er me meir lik landsgjennomsnittet. Dette skulle i seg sjølv tilseia at ressursbruken vår burde vera mindre enn gruppe 2, noko som figuren over viser ikkje er tilfelle. Slik statistikken er bygd opp er det ikkje mogleg for oss å seia at me har fleire enn dei andre over 90 år for på den måten å forklara profilen på tildeling av tenester.

	<b>Samnanger</b>	<b>Gruppe 2</b>	<b>Landet</b>
<b>67-79 år</b>	8,2	10	8,5
<b>80 år og over</b>	6	6	4,5
<b>67 år og over</b>	<b>14,2</b>	<b>16</b>	<b>13</b>

PLO sin større andel av budsjettet er stor. I Samnanger går 39,8% av netto driftsbudsjettet til PLO mot 36,5 % for gruppe 2. Som ein kuriositet kan nemnast at kultur sin del av budsjettet i Samnanger utgjorde 1,5%.

Eininga har i 2010 brukt ein god del meir midlar enn tildelt, ca. 700.000 kroner. Tilbakemeldingane frå eininga så seint som i haust tilsa ikkje eit slikt avvik, noko som gjer oss nødt til å gå igjennom rutinane våre for å finna fram til system for budsjettkontroll som er meir treffsikkert. Avviket skuldast sviktande inntekter – sal av middagar og brukarbetaling sjukheim med 260.000 kroner-, meirforbruk i bufellesskapa på vel 200.000 kroner (vikarbruk) og kjøp av varer og tenester for dei øvrige tenesteområda. Seint på året vart det kjøpt inn ein del inventar og utstyr, ut frå ei forståing om at det var att midlar på budsjettet. Avviket på denne type budsjettpostar er på vel 100.000 kroner. Matvarer har og eit meirforbruk. Ser me det i samanheng med sal av middagar til heimebuande er det samla eit negativt avvik på meir enn 175.000 kroner. Utviklinga her må fylgjast nøye med på.


I 2009 hadde eininga eit svært lågt sjukefråvære. I 2010 har det gått opp frå 8,5 % til 9,8%, men fråværet ligg fortsett under ”normalen” for denne type arbeid. I tillegg til at sjukefråvær gir oss ekstra utgifter skaper det også mykje arbeid og bry for personale og brukarane. Me må derfor halda oppe fokus på sjukefråværet, og ha som mål å koma ned att på 2009-nivå. Den auken i bemanninga som eininga har fått siste åra bør vera eit godt bidrag til å klara ei slik målsetting.

Hjelp frå plo går først og fremst til eldre, og behovet for hjelp aukar med alderen. I tillegg kjem tilbodet til dei funksjonshemma. Samla utgifter til funksjonshemma utgjorde ca 20 % av

netto driftsutgifter til plo i Samnanger. Me har ikkje informasjon til å samanlikna oss med andre kommunar.

Ser me på ressursbruken fordelt pr. brukar, viser statistikken at me ligg langt over gjennomsnittet. Dette kan dels forklaast me at me har mange sjukeheimslassar som er den klart dyraste driftsforma. Men også dels ved at heimebuande får eit omfattande tilbod.

### Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av tenester frå plo



### Andel av netto driftsbudsjett plo til

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Sjukeheimen	56	48	46
Heimetenestene	38	48	49
Aktivisering	6	4	5

### Sjukeheim

Hovudgrunnen til utbyggjinga ved Samnangerheimen er standarden. Under halvparten av bebuarane har einerom med bad. Lovverket tilseier at alle som ynskjer det skal få einerom. Statistikken viser at dei andre er mykje nærmare dette målet.

I Samnanger driv me i liten grad med aktiv rehabilitering på institusjonen. Dette kan lesast ut av tabellen under der me ser at ein langt lågare andel av romma våre vert nytta til korttidsopphald. Denne fordelinga byr på få problem; eininga er god på planlegging og det er stor fleksibilitet i organisasjonen.



	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Plassar i % av innb 80 år og over	20,8	18,8	18,4
Andel av innb. 67 år + på institusjon	6,8	8,2	6
Andel av innb. 80 år + på institusjon	16	15,8	14,3
Andel av plassar til korttid	6,7	12,7	14,8
Andel plassar einerom m. bad	43,3	81,7	76,1

Etterspurnaden etter tenester frå plo frå personar under 67 år har auka. Dette gjeld også institusjonsplassar. I Samnanger bur det pr. d.d. ingen personar under 67 år fast, men det har skjedd at nokre har vore innom på korttidsplass. Dette er ei gruppe som i framtida i større grad vil etterspørja institusjonsplassar for kortare eller lengre tid. Jmf. Samhandlingsreformen. Statistikken viser at dei i 2010 beslaglegg 13,4 % (gruppe 2)/ 12.8 % (landet) av plassane.


Samnanger har om lag dei same kostnadane pr sjukeheimslass som landsgjennomsnittet – kr 859.000 -. Me fører ikkje kostnaden med tilsynsleggen på sjukeheimen, men på helsebudsjettet. Her er det varierande praksis i kommunane. Brukarbetalinga i høve til korrigerte brutto driftsutgifter er lågare i Samnanger (11.9%) samanlikna med landsgjennomsnittet (15,7) men dette har liten innverknad på kostnaden.

Det er langt færre av innbyggjarane i Samnanger som får tenester frå PLO enn gjennomsnittet i landet. Målt pr. innbyggjar over 80 år ligg me på gjennomsnittet, men med klart fleire som får institusjonsplass.


## Heimetenestene

Det er relativ sett færre i Samnanger som mottek heimetenester. Dette gjeld i alle aldersgruppene. Som me tidlegare har sett er det fleire over 80 år som bur på institusjon hjå oss, og det har sjølv sagt innverknad på kor mange som treng hjelp heime. Meir enn halvparten av innbyggjarane over 80 år klarer seg utan kommunal hjelp.

Ein kunne tenkje seg at sidan me har god sjukeheimsdekking skulle dei tyngste brukarane få plass her og at færre heimebuande hadde behov for mykje hjelp. Men me bruker langt meir pr brukar. Meirkostnaden er vesentleg – heile 50.000 kroner meir enn landsgjennomsnittet. Avstanden har berre auka sidan 2007 då me låg likt med landet.



Sjølv om det ikkje har så stor betydning for kostnaden, så skal det og nemnast at eigenbetalinga dekkjer ein langt mindre del av kostnaden i Samnanger (1,1 % av korrigerte brutto driftsutgifter) enn for landsgjennomsnittet (1,5%) eller for gruppe 2 (1,6%).



## Psykiatri

I 2009 vart tilskotet til psykiatri innlemma i dei øyremerkja midlane. Kommunane vert likevel passa godt på med tanke på om aktiviteten på dette området held seg oppe på same nivå som i opptrappingsperioden. Staten krev derfor fortsett årlege rapporteringar.

I Samnanger er det føreteke berre små justeringar i bruken av midlane i høve til tidlegare år, og utgangspunktet er at me bruker minst like mykje midlar på dette området som tidlegare. Tenesta er hjå oss lagt til pleie og omsorg, men det er ein tett dialog med sosial og helse då både helsesøster og lege er sentrale medspelarar. Psykologtenesta på 20% er t.d. lagt til helsestasjonen.

Frå tid til anna kjem det spørsmål om psykiatritilbod i helgane. Med utgangpunkt i dei økonomiske rammene og med den bemanninga me har er dette ikkje mogleg å få til. Behovet til desse pasientane må handterast av det øvrige personalet – legevakt og bemanninga elles i pleie og omsorg -.

## Aktivisering av eldre

Me tilbyr i dag dagsentertilbod til heimebuande eldre ein, evt. to dagar i veka. Fleire friviljuge medarbeidarar arbeider saman med fast tilsett personale. Brukarane vert henta i heimen og køyrd til Samnangerheimen der tilboden vert gitt på daglegstova. Mange eldre bur åleine, og med dagtilboden får dei moglegheit til å koma saman med andre. I 2010 brukte me vel 800.000 kroner på tiltaket, om lag det same som dei siste åra.

Statistikken er laga slik at me ikkje får ut tal berre for aktivisering av eldre. Me har derfor lite grunnlag for å seia noko om ressursbruken vår samanlikna med andre. Tabellen under presenterer tal både for dagsenter eldre og for dagtilbod funksjonshemma. Samla har me ein vesentleg høgare ressursbruk målt i høve til vaksne enn dei andre kommunane

*Netto driftsutgifter til aktivisering av eldre og funksjonshemma pr. innbyggjar over 18 år*

Samnanger	Gruppe 2	Landet
1.408	783	948


## Tenester til funksjonshemma

Dei siste par åra har behovet for avlastningstiltak for heimebuande funksjonshemma. Det gir oss utfordringar både fagleg og økonomisk. For barn og unge er det avlastning som vert etterspurd, primært på helg, men også på ettermiddag. For vaksne er det å finna relevant dagtilbod. Slik me no er organisert og lokalisert er det


vanskeleg  
å løysa  
behovet  
for



avlastning i eigen kommune. Det inneber at me må kjøpa tenester anten hjå andre offentlege institusjonar eller hjå private. Ein del av dei som i dag treng meir kostnadskrevjande tiltak har tidlegare hatt tilbod gjennom ordning med weekend-heimar. Dette er eit tilbod som høver best for barn. Ungdomane krev gjerne andre ordningar. Avlastningstiltak m.m. kosta i 2010 kosta rundt 800.000 kroner, ein auke på vel 600.000 kroner frå 2009.



Dei to bufellesskapene, Haga og Skottebakken, har over fleire år fått auka ressursane sine utan at tal bebuarar har auka mykje. Me gir i dag tilbod til 6 personar i alderen 25 til 50 år. Ressursauken har hatt samanheng både med å finna fram til eit akseptabelt nivå og også med utvikling og behovet hjå den einskilde brukaren. Forbruket på løn har her har auka med 28% sidan 2007. I 2010 er det eit meirforbruk på løn (kr 200.000) i høve til budsjettet.





## SOSIAL OG HELSE

Det vil alltid vera eksterne faktorar som gjer at det er vanskeleg å ”treffa” når ein budsjetterer innan område som barnevern og økonomisk sosialhjelp. Det er derfor ikkje uvanleg at det er behov for ekstra midlar til desse føremåla. For 2010 har eininga gjennom ombudsjettinger internt halde seg godt innan ramma. Behov for meir midlar t.d. til førstehjelpsilden er løyst ved at andre område har eit mindreforbruk. Det betyr likevel ikkje at ein er nøgd med utviklinga på alle område. For økonomisk sosialhjelp har me ei negativ utvikling, den kan dels forklarast med busetting av flyktningar, men uavhengig av det ligg me høgt på ein del statistikkar. Eit anna område som me bruker mykje midlar på er legetenesta. Her ser me små moglegheiter til reduksjon, utfordinga vår må vera å få meir kvalitet ut av kronene. Interkommunal legevakt kom i drift i september 2009, slik at for heile 2010 har legevakta vore lagt til Os på kveld, natt og helg.


### Økonomisk sosialhjelp

Ei målsetting med NAV-kontor var at brukarane skulle få ein organisasjon å forhalda seg til, og personalet her skulle vera i stand til å sjå kva yting som ville gjera den einskilde best i stand til å ta vare på seg sjølv. I Samnanger har me to-delt leiing ved NAV-kontoret; det kan vera eit hinder for god integrering av statlege og kommunale ordningar. Eit felles kontor bør likevel gje gode moglegheiter for ei samordning. Kommunen har hatt ei forventing om at dei kommunale ytingane burde gå ned, då me meinte at ein del av dei som hadde gått lenge på økonomisk sosialhjelp kanskje høyrd heime på statlege trygdeytigar

	Samnanger		Gruppe 2		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010
Netto drifts.utg. i % av samla driftsutg	2,9	3,9	2,4	2,4	4,4	4,5
Andel sos.hjelpmot i høve til innb 20 – 66 år	3,6	4,4	3,9	4,1	4,4	4,2

Utviklinga innan økonomisk sosialhjelp er negativ. Hovudforklaringa ligg nok i at me f.t. har busett 15 flyktningar frå Eritrea, 9 vaksne og 6 barn. Dei lever anten på økonomisk sosialhjelp eller på introduksjonsstønad. Desse utgiftene utgjer knapt 1 mill. kroner, kr 500.000 av dei inngår i statistikken om økonomisk sosialhjelp. I tillegg kjem utgiftene til flyktningekontoret med rundt 1 mill. kroner. Alle desse kostnadane er finansiert med øyremerkja statstilskot som var på 2,5 mill. kroner i 2010, men denne inntekta går ikkje inn i reknestykket for netto utgifter sosialhjelp.

I figuren under har me føreteke korrigeringar i samsvar med ovannemnde informasjon om busetting av flyktingar. Det hefter sjølv sagt ein del usikkerheit med dette, men me meiner likevel at den korrigerte linja gir eit rettare bilet av utviklinga. Denne viser at alle kommunane har hatt ein relativ stor vekst i desse utgiftene. Det er all grunn til å arbeida vidare med sikte på å få sosialhjelpsmottakarane over på meir "aktive" ytingar, der det absolute målet er å få fleire i arbeid.



I Samnanger går etter måten mange personar på økonomisk sosialhjelp og dei går i tillegg lengre på desse ytingane enn dei me her samanliknar oss med. Ytingane pr. mnd. pr brukar ligg i gjennomsnitt kr 5.750 pr. mnd pr. brukar. Dette er det same som for andre i gruppe 2 og ca 700 kroner mindre enn for landsgjennomsnittet.

	2009			2010		
	Samnanger	Gr. 2	Landet	Samnanger	Gr. 2	Landet
Snitt stønadslengd	5,3	3,6	3,9	5,2	3,6	3,9
Snitt stønadslengd 18- 24 år	6,8	3,4	3,7	5,9	3,3	3,7
Andel med stønad over 6 mnd.	38	26	29	42	25	28

Statistikken viser ein negativ tendens både ved at tal klientar aukar og at gjennomsnittleg stønadsperiode aukar. Dette sjølv om me korrigerer for flyktingane. Ei minste målsetting for oss bør vera at snitt stønadslengd ikkje er høgare enn landsgjennomsnittet. På dette området må det gjerast grundige analyser som i neste omgang gjer oss i stand til å få redusert stønadslengda for dei som går lenge på økonomisk sosialhjelp, men også få mottakarane over på meir aktive type ordningar. Dette vil i tillegg til å redusera kommunen sine ytingar også gjera mottakarane i stand til å ta grep om eige liv.


	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Tal personar	50	47	45	57	52	64

## Barnevern

For eit par år tilbake hadde Samnanger store utgifter til barnevern. Dette til tross for at tal barn som var omfatta av barnevernet ikkje var særleg høgare enn andre. Dette skuldast i stor grad at kommunen hadde omsorgen for relativ sett mange barn. Omsorgsovertaking er det mest ytterleggåande tiltaket i barnevernet, og det har ein høg kostnad også økonomisk. Førebyggjande tiltak kan ofte vera små, men likevel viktige for at familiene maktar å ha god omsorg for barna. Barnevernet er ofte inne med økonomisk hjelp slik at barna går i barnehage og i skulefritidsordning.

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Brutto driftsutgifter per barn i opphavleg familie	28.789	24.746	32.168
Brutto driftsutgifter per barn utanfor opphavleg familie	239.400	264.805	264.336

Samnanger sine totale kostnader ligg i 2010 over 2009, sjølv om me no har omsorgen for vesentleg færre barn enn tidlegare. Auka fokus på arbeidet både i media og blant tilsette i alle delar av organisasjonen vår som har med barn å gjera har ført til at barnevernet har fått fleire saker. Mange saker er også svært komplekse, og det krev omfattande sakshandsaming som også inkluderer kjøp av fagekspertise m.m.




Det er relativt sett like mange barn i Samnanger med tiltak som for landet sett under eitt. Samnanger ligg på nivå med landsgjennomsnittet


	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,5	5,2	4,5

## Helsetenester

Samnanger har alltid prioritert helsetenestene høgt. I 2010 gjekk heile 6,5 % av netto driftsutgifter til dette område. Målt i kroner brukte me vel 1.100 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet (4,5%) og 460 kroner meir enn gruppe 2 kommunane (5,5%)

Det er særleg innan legetenesta at Samnanger bruker meir og vesentleg meir midlar enn dei andre. Me har forsett ei dyr legevakteneste. I tillegg til kostnaden med sjølve legevakta har me og teke på oss å drifta ein ”reserveambulanse” – førstehjelpsilden. Netto kostnad for den var i 2010 kr 600.000. Det er vedteke at denne ordninga skal evaluerast før sommarferien





Både helsesøster og jordmor har meldt inn trøng for meir stillingsressursar. Ut frå oversikten under ligg me lågt på helsesøster målt pr. barn 0 – 5 år, men høgt på jordmorressursen. Til det siste skal seiast at det i 2010 var født relativt få barn samanlikna med dei siste åra. Me har også tilført helsestasjonen ei merkantil stilling som ikkje er med i oversikten.

I samhandlingsreformen og i ulike andre skriv frå staten vert fokus på helseførebyggjande arbeid framheva. Samnanger kommune vil i 2011 tilsetja ein folkehelsekoordinator på engasjement for å sjå nærmare på korleis me skal arbeida innan dette saksfeltet. Det vil uansett vera eit arbeid som vil vera tverrsektorielt, men arbeidet i skulehelsetenesta vil i stor grad vera omfatta av denne arbeidet.

#### *Samanlikning av årsverk på ulike stillingar pr 10.000 innb.*

	Samnanger	Gr. 2	Landet
Lege	8,4	9,5	7,9
Fysioterapi	6,7	7,3	6,9
Helsesøster 0-5 år	54,9	75,9	65,1
Jordmor pr 10000 fødte	125,0	114,2	48,3

Det har vore ei målsetting for kommunen å styrkja tilsynslegefunksjonen på Samnangerheimen. Dette målet har me nådd ved at ein av legane fekk øyremerkja 10 % av stillinga si til arbeidet. Me ligg no om lag på landsgjennomsnittet målt i legetimar pr. bebuar, men når det gjeld fysioterapi ligg me langt attende samanlikna med andre. Fysioterapeut har ei sentral rolle m.a. i rehabilitering, og dette er eit område som me har prioritert lågt.

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Legetimar pr. veke pr. bebuar	0,34	0,29	0,37
Fysioterapitimer pr. veke pr. bebuar	0,18	0,28	0,32



## TEKNISKE TENESTER

Administrasjonen i teknisk eining har kontor i kommunehuset og alt driftspersonalet held til i BKK sine lokale på Frøland.

2010 var nok eit år med mykje fokus på Liavegen. Her vart det gitt ekstra løyvingar. Vintervedlikehaldet var og krevjande, med lang og kald vinter både i starten og slutten av året. Skifte av personale, permisjon og sjukdom hjå sentralt personale har gjort det vanskeleg å nå alle dei måla ein hadde sett seg. Særleg har det gått ut over planleggingsprosjekt, der noko har vorte forseinka og andre ikkje starta opp som planlagt. Reguleringssplan for Erikajorda og for industriområde Rolvsvåg, plan Eikedalen og plan for småkraftverk vart ikkje sett i gang. Kystsoneplan – tidlegare strandsoneplan – vart og forseinka dels som fylgje av manglande kapasitet men og som fylgje av eksterne merknader.

Eininga har eit stort meirforbruk. Korrigert for ikkje rekneskapsført uteslåande krav knytt til veglys på tidlegare riksvegar er underdekkinga på 1.3 mill. kroner.

### Plan, byggje og dele, kart og oppmåling og naturforvalting

Det vart i 2010 innført nytt gebyrregulativ for desse tenestene. Me var usikkre på om me hadde funne fram til riktig prising. Førebels konklusjon er at me må sjå dette over ein lengre periode før det evt. fremja framlegg om endringar. Samnanger har lagt lågt på desse gebyra, og til tross for vesentleg auke på ein del område ligg me lågare enn dei me samanliknar oss med.


	Samnanger	Gr. 2	Landet
Sakshandsaming oppføring av einebustad	5198	6232	8182
Kart og deling 750m <sup>2</sup> tomt	8325	11861	13203
Gebyr for handsaming av privat reg. plan	22500	24447	34814

På grunn av vakansar og permisjon mm. har sakshandsamingstida gått vesentleg opp frå 2009 då me låg på landsgjennomsnittet. Det er ei klar målsetting om at me minst skal vera like ”god” som landsgjennomsnittet.

	Samnanger	Gr. 2	Landet
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, bygesaker (dagar)	60	28	40
Gjennomsnittlig sakshandsamingstid, kartforretning (dagar)	90	64	69
Tal meldinger om tiltak mottatt siste år per 10 000 årsinnb.	46	88	66

Å måla ressursbruken i høve til tal innbyggjarar vert på ingen måte riktig innan dette området. Etterspurnad etter desse tenestene har ofte meir med aktivitetsnivået enn med innbyggjartalet. Det vert likevel presentert ein figur som viser netto driftsutgifter pr. innbyggjar då det gir ein viss indikasjon. I figuren får me og informasjon over utviklinga dei siste åra. Utgiftene innan dette området vert ført litt ulikt og informasjonen må derfor takast med ein viss reservasjon. Det er likevel grunn til å trekka konklusjon om at Samnanger dei siste åra har brukt vesentleg mykje midlar til denne type tiltak. Me skil oss mest frå dei andre på fysisk planlegging som omfattar plansakshandsaming, byggje- og delingssaker samt oppmåling.

**Netto driftsutg. til fysisk plan legging, kulturmnner, natur og nærmiljø kr pr. innb**



Oppmåling har hatt ansvar for den praktiske innføringa av vegnamn. Det var ei klar målsetting om at dette skulle vera slutført i 2010. Dette målet vart ikkje nådd då det fortsett står att ein del eide domar som ikkje har fått tildelt eksakt adresse. Arbeidet vert starta opp att i sommar og skal avsluttast snarast råd.


## Samferdsel

Som følgje av endringane i ansvaret for det overordna vegnettet – delar av riksvegane vart overført frå staten til fylkeskommunen – har kommunane fått overført midlar frå Statens Vegvesen som betaling for veglys på desse vegane. Føresetnaden er sjølv sagt at me og får rekning på utgiftene. For vårt vedkomande vil denne rekninga koma frå BKK, noko den enda ikkje har gjort. Me har ved ein feil har me ikkje rekneskapsført eit venta krav, og dermed viser vegbudsjettet vårt ein netto driftsutgift som er 340.000 kroner for låg. Me har likevel vald å nytta informasjonen frå KOSTRA-statistikken i det etterfylgjande, men det inneber som sagt at bruker ytterlegare meir midlar enn det denne statistikken viser. I kommentarar om Samnanger er denne utgiften inkludert.

For Samnanger sin del gjeld samferdsel i det alt vesentlege kommunale vegar. Også i 2010 har Samnanger kommune høgare utgifter til dette området enn dei andre kommunane målt pr. innbyggjar. Dette forsterkjar seg ytterlegare når me måler det pr. km. communal veg. I Samnanger har me noko fleire km. veg pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet men langt færre enn gruppe 2. Me har imidlertid ansvar for vesentleg fleire km. gang og sykkelveg enn dei andre (33 km mot 20 for gr 2 og 13 for landet). Vedlikehald av desse er og ei utfordring, og forklarer nok ein del av meirutgiftene. På den andre sida gir me ikkje tilskot til private vegar, noko dei andre har utgifter til.

Vinteren 2010 var lang og tung også med tanke på vedlikehaldet. Størst utfordring var det å verta kvitt snøen. Bruk av overtid og brøyting utanføre ordinær arbeidstid var eit mindre problem i 2010 enn det me har opplevd denne vinteren. Det er derfor ikkje meirforbruk på løn, men på dei andre driftspostane er det gjennomgåande overforbruk. Samla er det eit meirforbruk på 350.000 kroner. Drift og vedlikehald av kjøretøy har t.d. eit avvik på 170.000 kroner meir enn det doble av budsjettsummen. Dei høge straumutgiftene påverkar sjølvsagt også vegbudsjettet.

**Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggjar samferdsel**



Nok eit år måtte det ekstra tiltak til på Liavegen pga utrasing. Her vart det gitt ekstraløyving.

I kostnaden ligg også drift og vedlikehald av veglysa. I tillegg til å dekkja kostnaden for dei kommunale vegane, betaler kommunane også for lys på dei "game" fylkesvegane. Statistikken viser at sjølv om me har fleire vegar med veglys, så er avstanden mellom veglysa lenger noko som gjer at me ligg samla berre litt over landsgjennomsnittet og gruppe 2.

	<b>Samnanger</b>	<b>Gruppe 2</b>	<b>Landet</b>
Tal km kommunale vegar med veglys pr. 10 000 innb.	75	56	44
Tal lyspunkt pr. km communal veg med lys	18	22	29

## Vatn og avlaup

Utgiftene på desse to tenestene skal i utgangspunktet dekkjast av abonnentane. Det har også gjort at me har blant landets høgste gebyr på vatn. Til tross for det opplever me i 2010 ei underdekking på denne funksjonen på 400.000 kroner, noko som betyr at me ligg på ein sjølvkostgrad på 90%. Dei andre som me samanliknar oss med ligg på 99 – 101%. Eininga har i si melding gjort greie for kva ekstra tiltak dei har måtte utført. Kommunestyret har bedt administrasjonen om å arbeida med å skaffa fleire abonnentar. Dette er berre delvis gjort i 2010. Auken i tal abonnentar (33) skuldast i hovudsak overtaking av privat vassverk på Ådland.

	<b>Samnanger</b>	<b>Gr. 2</b>	<b>Landet</b>
<b>Vatn</b> årsgebyr	6374	3212	2792
Tilknyting	10220	11220	9477
Andel kap.kostnad	56,7	35,9	33,2
Andel tilknytta	59,9	63,2	90,0
<b>Avløp</b> årsgebyr	2067	3425	3186
Tilknyting	9548	11328	10418
Andel kap.kostnad	26,2	32,3	34,0
Andel tilknytta	45,4	59,1	84,6

Dei siste åra er det Rolvsvåg som har vorte prioritert på vassforsyning. Her har kvaliteten på vatnet vore for dårlig slik at det måtte til reining. Forsyningssikker-heita i dette området er tilsfredsstillande, noko som viste seg i vinter då det ikkje var tilstig i det heile. På grunnlag av meldingar frå eininga vart det fatta hastvedtak om innkjøp av ein tankbil først og fremst til bruk i den akutte situasjonen i Rolvsvåg.

Det vert investert store summar på Ytre Tysse både med tanke på å få betre vassforsyning – høgdebasseng m.a., men også for å stoppa/hindra ureining. Vatn og avlaup er del av tettstadsutviklingsprosjektet på Ytre Tysse.

Uttordringane våre er å halda opp kvaliteten på vassforsyninga utan at kostnaden pr. abonnent aukar. På avlaupssida må standarden på fleire anlegg opp ikkje minst på heile Tysse.



For avlaup har me ein sjølvkostgrad på 98 %, gebyret er lågare enn landsgjennomsnittet. Me har vore litt tilbakehaldne med å satsa innan denne sektoren sidan det vil medføra auka utgifter for innbyggjarane.

Innbyggjarane i Samnanger betaler ein god del meir i tømegebyr for slam. Kr 1.643 mot kr 1.175 i gruppe 2 og 1.252 for landet. Dette er tenester me kjøper, og me bør sjå nærmere på dei avtalane me har med siktet på å få ein betre pris.

## **Brann- og ulukkesvern**


Til dette området hører feiing, tilsyn og brannvern. Frå 2011 er det interkommunale samarbeidet med Fusa sett i verk, med Samnanger som ansvarleg for feiing og tilsyn og der Samnanger har brannsjefen.

I 2010 vart feiinga og ein del av det førebyggjande arbeidet utført ved innkjøpte tenester. Dette kosta vesentleg meir enn det var budsjettmessig dekking for, og det resulterte i at utgiftene til tenesta målt pr. innbyggjar meir enn fordobla seg. Meirforbruket i høve til budsjettet vart på 60.000 kroner, og tenesta kosta kommunen 150.000 kroner netto meir enn i 2009. Dette er eit av sjølvkostområda, dvs. at brukarane kan betala for heile tenesta.

Samnanger har eit lågt gebyret, ca. 25 % lågare enn landsgjennomsnittet. Arbeidet som vert gjort innan dette området er viktig, og det bør forventast at innbyggjarane er viljuge til å betala det det kostar. Sjølv om det var særlege omstende som gjorde kostnaden i Samnanger høg i 2010, er realitetten den at med dagens inntekter får me ikkje dekkja inn att kostnaden. Her må avgiftene opp meir enn den veksten som er lagt inn for 2011.

<b>Samnanger</b>	<b>Fusa</b>	<b>Gruppe 2</b>	<b>Landet</b>
272	385	351	332


### Netto driftsutgifter til brannførebyggjande tiltak i kr pr. innb



Samnanger har høge utgifter til brannvern samanlikna med andre. Rekneskapen viser eit meirforbruk på kr 300.000, 200.000 kroner av dette skuldast ei underbudsjettering på løn. Det er forståeleg at me ligg høgt samanlikna med landsgjennomsnittet. Tenester som inneber vaktordningar vert relativt sett dyrare for dei minste kommunane sidan det ofte er same kostnaden her som for mange større kommunar. Men me ligg vesentleg høgare enn dei mindre kommunane, noko som må skuldast at me har ein høgare standard på tenestene. Me har ikkje forventingar om store økonomiske innsparingar med det interkommunale samarbeidet då samarbeidet i hovudsak er knytt til brannsjef/varabrannsjef og tilsyn og ikkje til sjølve det utøvande arbeidet (inkl. vakt) for brann og redning. Det er likevel interessant å merkja seg Fusa kommune

sine netto utgifter. Her kan det kanskje vera noko å læra.


### Netto driftsutgifter til brann i kr pr. innbyggjar



### Eigedomsforvaltning

Det vert ofte trekt fram i pressa og i diskusjonane om at vedlikehaldet i kommunane vert forsømt. Når me ser på desse utgiftene, det vera samla, på energibruk, målt pr. innbyggjar eller kvardekatmeter så er kommunane overraskande like. Det vert nytta ca 10 % av netto driftsutgiftene til kommunane til eigedomsforvaltning.

I 2009 vart ressursane auka ein god del som fylgje av den statlege krisepakken. Figuren under viser at kommunane har brukta meir midlar i 2010 enn i året før sjølv om krisepakkepengane berre i mindre grad var tilgjengeleg. For Samnanger sin del har mykje av veksten gått til å betala auka straumrekning. Det er eit meirforbruk her på vel 400.000 kroner. Auken i høve til 2009 er på 200.000 kroner. At budsjettsummen for 2010 vart sett lågare enn 2009 kan i hovudsak relaterast til at det under budsjettoppstillinga vara forventningar om nedgang i straumprisane (jmf. diskusjonen om tidspunkt for sal av konsesjonskraft). Auken skuldast ikkje berre høge straumprisar men også ein svært kald vinter.



Tabellen under gir ein viss peikepinn om ressursbruken vår på bygningsmassen. Mykje er likt, men me ser (og veit) at vedlikehaldet på kommunehuset vårt er lågt. Standarden på Samnangerheimen kjenner me til, og med fleire på fellesrom og deling av bad/WC gir det mindre areal pr. bebuar. Avskrivingar går inn som kostnad, noko som gjer at nye bygg får store utslag. Nybygde barnehagar, som stort sett er regelen i alle kommunar er forklaringa på kvifor ein her ligg så høgt i kostnad. For Samnanger er det avskrivingane som gjer seg gjeldande på idrettsbygget. Nordbygd skule er fortsett oppført som skulebygg og går derfor inn i statistikken som det.

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
<b>Korrigerte brutto driftsutgifter pr. m<sup>2</sup></b>			
komunale eigedomar	907	721	915
administrasjonslokale	382	728	715
skulelokale	969	818	929
førskulelokale	1590	1125	1269
institusjonslokale	725	542	719
idrettsbygg	1123	403	1037
	Samnanger	Gruppe 2	Landet
<b>Samla areal i m<sup>2</sup> mål etter</b>			
skulelokale pr.elev	22,3	19,9	18,0
institusjonsbygg pr. bebuar	75,9	133,5	108,9
<b>Energikostnader pr m<sup>2</sup></b>			
komunale eigedomar	138	125	135
administrasjonslokale	143	132	114
førskulelokale	138	144	144
Skulelokale	127	133	145
institusjonsbygg	179	133	134
idrettsbygg	45	71	140

## Landbruk

Samnanger har felles landbrukskontor med Os og Fusa. For 2010 finn me ikkje tal i KOSTRA for dei andre kommunane, og me har derfor ikkje grunnlag for å samanlikna oss med andre.

Samnanger nytta i 2010 kr 451.000 kroner til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling mot kr 343.000 året før. I høve til budsjettet er det eit meirforbruk/underbudsjettering på 65.000 kroner.

## BARN OG UNGE



2010 var eit år der Samnanger realiserte ei rekke planlagde strategiar. Dei to barneskulane vart slått saman, barnehagen i Nordbygda utvida tilbodet raskt i tråd med etterspørselen og kultureininga sette i gang ei rekke tiltak. Dette er store og omfattande prosessar som har vorte gjennomført på kort tid. Kommunen har lukkast godt med dette arbeidet, men det har "kosta" stort engasjement og velvilje for alle ledd i den kommunale teneste-

produksjonen. Mange positive tilbakemeldingar frå både innbyggjarar, tilsette, foreldre og barn kan stadfesta dette. Innanfor barnehage- og skuleområdet treg vi no tid til meir fagleg refleksjon.


I økonomiplanen 2010-14 er det framtidige driftsnivået til skulane redusert med 3 millionar i forhold til 2008 budsjettet. Målet med skulebruksplanen var å få ein mindre ressurskrevjande skulestruktur og eit større fagmiljø. I rekneskapen for 2010 er der ei høgare innsparing enn det som var budsjettert. I tillegg er det lagt inn nye timer på barnetrinnet som er finansiert innafor ramma.

Dei yngste har rett til ein barnehageplass i tråd med barnehagegarantien. Samnanger har utvida

denne retten ved å gje alle som søker om det, barnehageplass. Om hausten vart ny kultursjef tilsett og ei rekke kulturbaserte næringstiltak vart etablert.

### Behovsprofil – etterspørsel av tenester.

Dei siste 6 åra er det ein særskilt auke i talet 0-5 åringar. I 2004 var det berre 18 nullåringar, medan vi fekk eit stort kull, 43 i 2008, og 34 i 2009. I 2010 er det berre 24. Dette gjev likevel eit stor trykk på etterspørsel etter barnehageplassar, og særskilt dei åra med store kull. Sjølv med ny barnehage og utvida tilbod i Nordbygda barnehage vil kommunen hausten 2011 utvida



med endå ein avdeling i Nordbygda. For born i grunnskulealder, 6-15 år, har barnetalet gradvis vorte redusert til like under 300 elevar. Utfordringa for skulane er variasjon i årskulla og ulike klassestorleiker. Skuleplass og jobb i andre kommunar "transporterer" ofte ungdom mellom 19-24 år ut av kommunen. I kulturplanen har særleg barn og unge i denne aldersgruppa sett fram eit sterkt ønskje om at ein hall/ fleir brukshall kan vera viktig for å "halde" på ungdommen.

## Mål i skulen – lokalt mål og delmål

Samnanger kommune har vedteke felles mål og strategiar for alle skulane:

*Ein god stad å vera. Ein god stad i læra.*

- *Læringsutbyte og læringsmiljø*

For å nå måla vert det arbeid med elevmedverknad, elevdemokrati, motivasjon, trivnad utan mobbing, godt fysisk miljø, spanande og engasjerande undervisning.

Elevane sine elevundersøkingar, nasjonale prøvar og andre vurderingar er indikatorar på om Samnanger har nådd målsettingane.

## Måloppnåing – skulevurdering; Systematikk gjev resultat.


Samnanger har ein årleg systematisk dokumentasjon av læringsutbytet og læringsmiljøet.

Skulen skal leggja stor vekt på å utvikla grunnleggjande ferdigheiter i å *uttrykkja seg munnleg, lesa, skriva, rekna og brukta digitale verktøy*.

Ferdigheitene er innarbeidde i læreplanar for alle fag, og har kompetanse mål for kva elevane skal meistra på ulike trinn. Kvar enkelt elev skal stimulerast til størst mogleg måloppnåing gjennom tilpassa opplæring og vurdering for læring.

## Ressursar

Elevane våre skal ha like gode læringsvilkår uavhengig av kva skule dei går på. Kvaliteten på opplæringa vert målt systematisk gjennom kartlegging og vurdering av elevane sine prestasjonar. Det er satsa på etter og vidareutdanning for å få gode lærarar i klasserommet med rett og høg fagkunnskap, og tydeleg klasseleiing.



reduserte andelen ned til 33,9% i 2009.

I 2010 vart netto-utgifta til heile grunnskulesektoren på kr. 33.663 millionar. Det inkluderar all grunnskule-undervisning, reinhald, skyss og sfo I 2008 utgjorde skulesektoren rundt 35% av det totale nettobudsjettet. Store kutt i 2009, hovudsakleg på ungdomsseget,

Samanslåing av dei to barneskulane hausten 2010 resulterte i ein ytterlegare reduksjon ned til 31,4%. Reduksjonen hadde vorte høgare dersom det ikkje same haust hadde blitt innført auke i timetalet, leksehjelp og fysisk aktivitet på barnetrinnet. Reduksjonen er i tråd med kommunen sin strategi i skulebruksplanen og økonomiplanen. Reduksjon i driftsnivået på skulane vil først få full effekt frå 2011.

Samanslåinga av barnetrinnet har auka den gjennomsnittlege gruppestørleiken frå 10,7 til 12,3 elevar og nærmar seg nivået på 13 på landsbasis. Ungdomsseget har fått redusert sine delingstimar og har auka sin gruppestørleik frå 9,9 til 11,7 elevar. På landsbasis er det rundt 15 på ungdomsseget.

## Kompetanse for læring og utvikling

Det viktigaste for læringsutbytte til elevane over tid er ei god leseforståing, og i 2010 starta arbeid med ny leseplan, som skulebibliotekar leier. Skulane går over til Micro mark 3 systemet, og samarbeider med folkebiblioteket om opplæring og innføring av systemet. Med nasjonale prøver, kartleggingsprøver og elevundersøkingar har skuleeigar eit godt grunnlag for å leggja til rette for systematiske tiltak som skal auka læringsutbytet.

Læraren sin kompetanse og involvering i eleven er viktig for elevane si utvikling og meistring. Samnanger satsar på ei systematisk etter- og vidareutdanning for det pedagogiske personalet.

KOMPETANSEHEVING 2010 – PEDAGOGISK PERSONALE			
ETTERUTDANNING		VIDAREUTDANNING	
Tema / fag	Regi	Tema / fag	Regi
Ny vurderingsforskrift	Fylkesmannen i Hordaland	Engelsk (vår)	NTNU
Læringsfremmende vurdering	Midhordland kompetanseregion, prof. Kari Smith	Matematikk (haust)	HiB
Kurs for medl. i vurderingsgruppa (mai)	Udir / Vurderingsgruppa i Midhordland	Tilpassa opplæring & spesialped. (vår)	HSH
Prøveprosjekt statleg rettleiing (vår)	Utdanningsdirektoratet / Gjerde		
Klasseleiing	Midhordland kompetanseregion		
Munnleg eksamen	Midhordland komp. / Fm		

- **Leiing og kvalitetsutvikling**

Skuleleiarane har i 2010 delteke på leiarsamling i Midhordland kompetanseregion, der tema var *Kvalitet i Skulen*, og *Stresssteori* ved Pål Roland. Samnanger satsar på etter- og vidareutdanning for lærarar og førskulelærarar. Alle tiltak innan kompetanse-utvikling har som mål å auka kvaliteten på opplæringa. Systematisk kompetanseutvikling, rettleiing og oppfølging er grunnleggjande for at kommunen skal få den kvalitetsutvikling som vert krevd i ein lærande organisasjon.

- **Kompetanseutvikling for lærarar og førskulelærarar**

Målet er at lærarane skal ha god kompetanse i dei faga dei driv opplæring i. Det er eit ynskje frå skuleeigar at lærarane har fagleg fordjuping i sine fagområde. Satsinga på kompetanseutvikling er relatert til lokale behov og til krava i Kunnskapsløftet. Alle lærarane deltok i 2010 i etterutdanning. Midhordland kompetanseregion har arrangert ulike dagskurs innan m.a. språkstimulering for minoritarar, fysisk aktivitet og ungdoms les.

### **Læringsutbyte - Å kunna lesa, skriva og rekna er viktig for all læring**

Lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheiter er nedfelt i alle læreplanar for faga. Elevane skal møta ein skule som frå første dag legg til rette for ei strukturert, god og tilpassa opplæring som fremjar elevane sin lese- og skrivekompetanse.

- Nasjonale prøvar**

Samnanger har frå 2007 gjennomført og dokumentert resultat frå nasjonale prøvar i 5. og 8. trinn i lesing, engelsk og rekning i kommunen si årsmelding. Dette er no blitt lovpålagt. I frå 2010 er det òg innført nasjonal prøve for 9.trinn. Prøven kartlegg i kva grad elevane har nådd læringsmålet i desse grunnleggende ferdighetene med å kartlegge ulike meistringsnivå. Alle elevar som ikkje avvik frå vanleg læreplan deltek i undersøkinga. I 2010 fekk 17,8 % av elevar i 5 trinn fritak med heimel i opplæringslova, 3,3 % av elevane på 8 trinn deltok ikkje på prøven.

Oppvekst og omsorg vurderar årleg skulane sine nasjonale prøver.



Skuleeigar har saman med skulane ei ambisiøs målsetting om at skulane i Samnanger dei kommande åra skal bli best i Hordaland i lesing.

I figurane nedanfor er desse ferdighetene til elevane kartlagt etter fire år i skulen, når dei startar i 5. trinn, og etter sju år i skulen i starten av 8.trinn. 8. og 9. trinn har nasjonal prøve med 5 meistringsnivå. For å forenkla tabellen er nivå 1og 2 slått saman til nivå 1, og nivå 4 og 5 til nivå 3. Nasjonal prøve er gjennomført før barnetrinnet vart slått saman.

Fram til 2010 har elevane både i 5. og 8. trinn opplevd eit læringstrykk som har ført til at fleire har gått opp eit meistringsnivå. I 2010 er det for alle område færre elevar som meistarar det høgste nivået. Det kan skuldast naturleg variasjon, endra fokus på prøvene dette året eller anna.

I 2010 er det ein for stor andel, 32% av elevar på 5 trinn som er på det lågaste meistringsnivået. Tidleg innsats frå 1. trinn saman med systematisk lesestartegi over tid vil få ytterlegare fokus dei neste åra.

Det vert no utarbeidd ein eigen leseplan for barn frå 1-16 år. Barnehagane er aktivt med i dette arbeidet, for å sikra at barnehagebarna ikkje stagner i sin utvikling når dei kjem i 1 klasse.




Læringstrykket skal og gjelda mellom trinna og særskilt i overgangen frå småtrinnet til mellomtrinnet, til ungdomstrinnet og til vidaregåande.


Siste åra har leseferdigheita til om lag 30% av elevane i 8. trinn vore på høgaste nivå, og ligg på snitt med Hordaland. I 2010 er det ein altfor stor andel, 38 %, er tilbake på lågaste nivå. Lesing er noko av det viktigaste elevane må meistra for å lukkast i dei fleste fag på skulen. Gjennom ein felles leseplan for grunnskulen i Samnanger får skulane ein fagleg standard som skal gje elvane progresjon tilpassa deira meistringsnivå gjennom utdanningsløpet. Systematisk innsats der ein ser grunnleggjande ferdigheiter og kompetansemåla i fag i samanheng vert svært viktig for at vi skal kunne gje elevane rett læringstrykk.

Fram til 2009 var 25% av elevane på nivå 3 i rekning i 5 trinn. I 2010 er det ingen og 65,5% ligg på nivå 2. Om dette skuldast naturleg variasjon er uvisst. Det bør bli sett inn ekstra fokus på rekning i dette årskullet for å sjå om det er potensiale for å auka læringstrykket og læringsresultatet her.

I 8 trinn er det og ein nedgang i nivå 3, frå eit topp resultat på 45% i 2009 til 33 % i 2010 i nivå 3. Dette er likevel over snittet på i Hordaland, 27%. Det kan sjå ut til at elevane no får auka læringstrykket med god opplæring i rekning på mellomtrinnet.



I 2010 har læringstrykket i engelsk gått ned. 38% av elevane i 5. trinn meistrar engelsk på lågaste nivå og berre 11,3% meistrar engelsk på nivå 3. I 2009 var dette på 23,4 %. På 8. trinn meistar omlag 30% av elevane engelsk på nivå 3. Dette er likt med snittet for Hordaland. Det er færre enn i 2009 då over 40% elevane hadde beste resultat. Det har likevel skjedd ei positiv utvikling når 53% av elevane meistar engelsk på nivå 2 og berre 16,7% ligg på nivå 1.



I 2010 har Barneskulane hatt særskilt fokus på korleis dei kunne slå saman dei to Barneskulane på beste måte og få best mogleg overgang. Dette har vore ein stor og krevjande jobb, med eit godt resultat. Skulane nyttar digitale verktøy i undervisning og til eksamen. Svært mange av klasseromma har Smartboard som er til hjelp for å kunna variera undervisninga. Det er for det meste tydelege læringsmål på vekeplanane, og veketestar vert nytta ved hjelp av it's learning.

Læringsutbytet elevane har gjennom opplæringa og når dei går ut av barnetrinnet er vesentleg for kor både skuleeigar og skulane skal halde fokus og setje inn rett kompetanse. Det gjeld no å halda fram med ein systematiske strategi for å få leseferdigheita betre i småskulen.

Læringsstrykket har begynt å gå i rett retning, sjølv om 2010 viser noko nedgang

Målet om å verta best i lesing i Hordaland er absolutt realistisk. Læringstrykket må setjast inn så tidleg som mogleg, og starte før overgangen frå barnehagen til skulen. Småskulen må i enda større grad legge til rette for kunnskapstørstige 5-åringar på veg inn i skulen. I tillegg vert det gjennomført obligatoriske kartleggingsprøver i 1.-3. trinn for å få dokumentasjon på korleis skulane kan tilpassa opplæringa og auka læringsutbytet for den enkelte elev.

- Læra meir og bestå - Sluttvurdering**

Grunnskolepoeng er gjennomsnittet av alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet, ganga med 10. Grunnskolepoeng for avgangselevane i Samnanger var i 2008 på 44,9, 40,3 i 2009 og 43 i 2010. 100% av elevane frå ungdomstrinnet går over i vidaregåande skule.

## Ikt - grunnleggjande ferdigheit og bidrag til pedagogisk utvikling

Dei to skulane har ein felles pedagogisk IT ressurs på 55%. Samnanger nyttar It's learning som si læringsplattform og har bevisst satsa på å utvikla den digitale ferdigheita til så vel elevane som det pedagogiske personalet. Alle lærarane har eiga maskin. Barneskulen er komen lengst i å etablera digitale klasserom og ta i bruk Smartboard. Maskinparken er standardisert og vert gradvis oppgradert. Det vert brukt om lag kr. 200.000 til vedlikehald og kjøp av nye pc'ar og program kvart år. I 2010 ønska skulane ei raskare oppdatering av it-utstyret og bidro med eigne midlar i tillegg.

I 2010 er *Feidikus* gjennomført, ei felles innloggingsteneste på nett for alle elevar og lærarar i Noreg. Feide skal sikre at alle elevar, studentar og lærarar får ein sikker elektronisk identitet som kan nyttast for tilgang til ulike digitale læringsressursar: Publikasjonar, opplæringsinstitusjonar, NRK, ulike arkiv med meir.

## Læringsmiljø


I elevundersøkingane for 7. og 10. trinn, får skulane ei auka forståinga av elevane si subjektive oppfatning av skule- og læringsmiljøet og korleis det påverkar kvaliteten på opplæringa.

Undersøkinga har mange spørsmål, men kan grupperast i trivnad, motivasjon, elevdemokrati, læring, vurdering og rettleiing samt arbeidsmiljø. Tabellen har ein skala frå 1-5 der fem er beste resultat.

Nedanfor visast ei oversikt over elevane i både barne- og ungdomsskulen sine vurderingar av læringsmiljøet. Der det ikkje viser graf er det ikkje registrert data eller spørsmål for den elevgruppa. Tabellen er kommentert i underpunkt nedanfor.

Totalt sett meinar elevane på 10.trinn at dei no har eit godt læringsmiljø, som ligg over snittet for Hordaland. På barnetrinnet meinar elevane i 7. trinn at læringsmiljøet er litt redusert i høve til 2009. Undersøkinga er gjennomført før samanslåinga av Barneskulane og bruk av moduler. Barneskulen har gjennomført ei eiga intern undersøking ved årsskiftet 2010-2011 som viser svært høg trivsel etter samanslåinga.





- Ein trygg skule – haldningsskapande arbeid**

Det er nulltoleranse mot mobbing i skulane i Samnanger. Skulane har plikt til å drive førebyggjande arbeid i tråd med læreplanane, kommunal mobbeplan og rusførebyggjande plan. Diverre kan me ikkje seia at det ikkje er mobbing på skulane våre. I 2010 er det svært få elevar på ungdomsseget som føler seg mobba. På barnetrinnet ligg ein på same nivå som tidlegare år og likt med snittet i Hordaland (1.4). Svært mange av elevane i 7. trinn trivast saman med både medelevarar og lærarar, og ser lystbetont på å jobbe med faga. Dei vurderer dette ganske likt som elevane i resten av Hordland. På ungdomsseget har den sosiale trivand med lærarar og elevar auka, og ligg no over snittet i fylket.

- Læra meir – tilpassa opplæring**

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring. I ungdomsseget gjennomfører skulen skriftleg vurdering 2 gongar i året. På barnetrinnet skal elevane også få vurdering og dei vert kartlagt i 2., 3. og 6. trinn. Dette skal vera med å gje elevar og foreldre tilbakemeldingar på kva meistringsnivå eleven er på og kva tiltak som det bør leggjast til rette for.

På barnesteget opplever elevane ein tilbakegang på elevmedverknad og gjennomslag på elevrådet sine forslag. Tidlegare har barnetrinnet hatt stor grad av elevmedverknad og lagt

over snittet, medan ein no ligg på snittet tili Hordland. Elevane på ungdomsskulen meinar derimot dei har fått meir elevmerknad i 2010 og ligg over snittet.


De fleste elevar trivst svært godt på skulen, og særleg 10-klassingane er motivert, har lærelyst, får bra med faglege tilbakemeldingar og er med å påverkar skulekvardagen. Dei ligg no godt over snittet i Hordland. Ungdomsskulen si jobbing med tidlegare resultat og fokus på få til ei forbetrинг er nok forklaringa på den positive framgangen. På barneskulen er det større ønske om faglege utfordringar, medan dei er tilfreds med den faglege tilrettelegginga og mange greier oppgåvene på eigenhand.



- Skuleanlegg - eit verkemiddel for tilpassa opplæring**

Elevane opplevar læringsmiljøet som svært godt på begge skulane. Her har det skjedd ei positiv utvikling og skulane ligg langt over snittet. Debatter om skulebygg, luft, temperatur, lærebøker, datamaskiner og uteområde i ulike media har nok fått elevane til å bli meir bevisst og verdsette skulen sin på ein god måte. Når det gjeld reinhald er det godt og skulane er i god stand.


Når det gjeld utgifter pr elev til inventar og utstyr brukar Samnanger kr. 464,- meir enn gr. 2. I budsjettet for 2011 er det redusert ytterlegare på desse postane.



Utgifter til undervisningsmateriell ligg på om lag kr. 1860 kr pr elev. Det er i 2010 på same nivå som kommunar i kostragruppe 2.

- Karriererettleiing – hjelp til å velje utdanning**

I elevundersøkinga til 10. trinn gjer elevane ei vurdering på ein skala frå 1-5 på den informasjon dei får om ulike utdannings- og yrkesval. Kva type vidaregåande opplæring passar for den einskilde elev. Elevane synest no at denne orienteringa er blitt vesentleg betre og får betre utebyte av den samanlikna med ungdomsskuleelvar i resten av Hordland.



### Opplæring og forskning i skule og barnehage – Vatn kreative krefter

Samnanger satsar på VATN og fornybar energi som utgangspunkt for forsking og læring i barnehage og skule. Barnehagane forskar på ulike formar for vatn, ”dråpane” og miljø. I 2010 var skuleeigar saman med styret til Kompetansesenteret på studiebesøk til Lolland. Ein del idear derifrå er tatt inn i byggjeprogrammet for tilbygget til Samnanger barneskule. I samband med byggjeprogrammet har skulen arbeidd med sin framtidige pedagogiske plattform og slutta seg til å bli ein klima og energiskule. Ungdomsseget har m.a. utarbeidd opplæringsopplegg for kraftsafari til Kleivane kraftverk og laga opplegg for aktivitetsdag med vatn. Kraftsenteret arrangerte i lag med skulane teiknekonkurranse om logo.

### Kunst og Kultur

Den kulturelle skolesekken tilbyr kunst og kultur av høg kvalitet til alle elevar i grunnskulen. Målet er at elevane får eit positivt tilhøve til kunst og kultur gjennom gode opplevelingar og at dette medverkar til meir allsidig læring. Det er utarbeidd ein eigen plan for skulane der alle elevar på ulike trinn får faste kunst- og kulturtilbod kvart år.  
DKS-tilboden var i haust m.a. for 1.-4.trinn *Dråpen Vannders* og *No får det vere Rock*; for ungdomstrinnet *Filmskapar Geir Henning Hopland møter elevar*, alle med stor suksess.  
Fornminneprosjekt for 4.klassingane vart gjennomført i september, vha Bymuseet i Bergen.

## BARNEHAGANE



### Mål oppnåing

Dei kommunale barnehagane har hatt fokus på følgjande hovudområde;

- ✓ Full barnehagedekning – plassgaranti for eitt-åringane.
- ✓ Brukartilpassa barnehage
- ✓ Visjonen – *ein god start*.


I 2010 er barnehagetilbodet auka frå 85 born til 102 barn i kommunal barnehage. Den private barnehagen har tilbod til 31 barn. Ved oppstart på barnehageåret fekk alle som

ønska å starta då, tilbod om plass. Utover hausten kom det til nye søkerar som ikkje fekk tilbod før utpå vinteren.

#### • Ressursar

Totalt produsert Samnanger barnehagetenestar for om lag 15,7 millionar kroner i 2010. 2010 er siste året kommunane mottok statstilskot øyremarka til barnehagedrift. Skjønnstilskot vart nytta til å finansiera ny avdeling i Nordbygda. Kommunen si eigenfinansiering av barnehagane utgjer derfor berre 2,7 millionar. Dette utgjer 2,5% av kommunen sine nettoutgifter. Kommune må derfor rekne med at den

kommunale andelen vil auka noko når fond for skjønnsmidlar er brukt opp.



Barnehagane i Samnanger fekk rekruttert pedagogiske leiarar til alle stillingane i den nye barnehagen, og har dermed 100% pedagogisk utdanna personale med førskuleutdanning.

#### • Barnehagedekning

I 2010 innfridde kommunen og kravet om plassgaranti for dei som er fødd innan 31.08. året før


(2009). Fødselstalet regulerar etterspurnaden etter plassar og denne vil variera år for år. I alderen 1-5 år kan det sjå ut til å vera ca 150 barn med plassgaranti i åra framover.

Nedanfor viser barnehagertilbodet frå 2006-10. Det var ikkje venteliste ved opptaket i 2010. 65,8% av 1-2 åringar brukar eit barnehagertilbod, medan 100% av 3-5 åringane i Samnanger var i barnehage.

Barnehageopptaket i 2010 er løyst med å utvida Nordbygda barnehage med ytterlegare ein avdeling. I løpet av 2011 vil skulen verta ombygd til framtidig barnehage med areal tilstrekkeleg nok til å ta imot ein ekspansiv vekst i det framtidige barnetalet i kommunen. Utfordringa vil i større grad vera å få rekryert fagpersonale.

- Brukartilpassing**

I 2010 har barnehageeininga særskilt jobba med tiltak som kan involvera foreldra meir. Barnehagane har hatt fleire arrangement i lag med foreldra og får gode tilbakemeldingar. Det vert gjennomført ny brukarundersøkinga i 2011.



Barnehagane er meir og meir ”digitalisert” og nytta digitale verktøy i kvardagen i lag med barna og i dokumentasjon på aktivitetane som er gjennomført i løpet av dagen og året.

- Visjon og delmål i barnehagen**

Barnehageeininga sin visjon - *Saman om ein god start*

I 2010 har eininga hatt fokus på følgjande delmål;

- Brukarmedverknad – følgje opp tidlegare brukarundersøkingar.
- Informasjon og dokumentasjon - informasjonsskjermar.
- Språkutvikling, språkstimulerande miljø og borna sin språklege kompetanse.
- VATN- kreative krefter.

### Måloppnåing for førebyggjande tiltak for barn og unge

Rusmiddelpolitisk handlingsplan legg opp til ein årleg haldningskampanje på Ungdomsskulen. I 2010 vart den halden i oktober med besøk frå Ungdomsseksjonen ved Politiet i Bergen. Dei orienterte elevane frå 7.-10.trinn om skadeverknader av bruk av rusmidlar. I tillegg vart det arrangert eit møte for alle foreldre i kommunen på kveldstid der temaet var rusbruk blant ungdom.

Rusmiddelpolitisk handslingsplan – ”Det store spranget” skal reviderast ved inngangen av ny kommunestyreperiode.

## KULTURELLE AKTIVITETAR



### Måloppnåing

- ***Kultur for barn og unge***

Parallelt med skulebruksplanen starta kommunen arbeidet med vurdera behov og plassering av ein fleir brukshall i kommunen. Ei politisk og tverrfagleg prosjektgruppe med konsulenthjelp frå Norconsult arbeidde med dette. Dei la fram tilråding og eigne vurderingsrapportar på dette arbeidet i februar.

Kommunestyret vedtok at det


først skulle lagast ein områdeplan frå Haukaneset- Bjørkheim før ein tek stilling til å byggja ein fleir brukshall. Områdeplanen vil verte ferdig i løpet av hausten 2011.

### Ressursinnsats – kulturaktivitetar


I Samnanger er det særleg kultursektoren som framleis har lågast prioritet. I 2010 fekk kultureininga auka opp kultursjefstillinga frå 40 til 100%. Sektoren fekk i 2009 fått tilført midlar for å gjennomføre ein del tiltak i kulturplanen. I 2010 vart desse midlane ikkje vidareført, og kulturområdet utgjer no berre 1,5% av det totale nettodriftsbudsjettet til kommunen. I 2009 utgjorde det 2,63 millionar, medan det i 2010 er nede i om lag 1,7 millionar.

Samnanger har gått frå å bruke kr. 1108 pr. innbyggjar til kultursektoren i 2009 til kr. 690 i 2010. Andre kommunar ligg på rundt kr. 1700 pr. innbyggjar. Det gledelege er at ein hausten 2010 har fått ei rekkje tilskot som genererer mykje aktivitet for dei midlane som allereie er på budsjettet. Aktiviteten i sektoren har derfor aldri vore høgare enn no. Mange av tiltaka går på kulturbasert næring og førebyggjande helsearbeid. Tiltaka er i tråd med både nasjonal stasing og kulturplanen, og bør etablerast meir permanent.

I 2011 budsjettet er det lagt inn ein auke på 200.000 i ramma framover til dette. Eit forslag på ev ytterleg auke innan sektoren vil verta lagt fram i samband med økonomiplanen 2012-16.



Tabellen nedanfor viser fordelinga på dei ulike kulturområda i 2009-10 og for kommunar i kostragruppe 2. I Samnanger er det særskilt folkebiblioteket, kulturskulen og idrettsanlegget som har høgst prioritet og får mesteparten av midlane i kultursektoren. Folkebiblioteket har ei ramme på om lag kr. 620.000, kulturskulen kr. 700.000 og idrettsanlegget kr. 500.000. Ramma til desse områda har ikkje auka siste 3 åra, men prosentandelen til desse aukar når totalramma innan heile kultursektoren vert redusert. Ei ytterlegare auke i kultursektoren bør difor koma på dei andre områda, og særskilt innafor barn og unge og andre kulturaktivitetar. Prosjekta BuLyst, LivOgLyst og småsamfunnsmidlar går under funksjonen andre kulturaktivitetar og viser eit nettooverskot. Kommunen har etter søknad fått over 1 million kroner tilskot på desse prosjekta.



25,6% i alderen 6-15 år brukar kulturskulen. Biblioteket på Tysse har eit så lågt besøkstal som 1,4 pr. innbyggjar, medan for landet ligg det på 4-5. Forslag om nytt folkebibliotek var med i utgreiinga om fleirbrukshall. Behovet for eit meir tilgjengeleg og brukarvenleg bibliotek er nødvendig. Det bør derfor ikkje gå for mange år før det er realisert.

### Utfordringar born og unge

Forventingane til Dråpeslottet og ny avdeling i Nordbygda er innfridd. Planlegging for å byggje om Nordbygda skule til barnehage er starta. Det er krevjande å drive utbyggingsprosjekt for 3. året på rad i tillegg til den daglege drifta. Det er likevel ei spennande og kjekk oppgåve som gjev kommunen stor tilgang på mange barnehageplassar i framtida. Det ligg no godt til rette for barnefamiliar å etablera seg i kommunen. Med utgangspunkt i visjonen til barnehagane **"Saman om ein god start"** har det vore arbeidd særskilt med å få etablert eit godt samarbeid med brukarane om innhald og kvalitet på tilbodet, samt system med tydelege rutinar for overgangen mellom barnehage og skule. Dette arbeidet vert vidareført.

Med kunnskapsløftet og visjonen; "*ein god stad å vera, ein god stad å læra*", har skulane våre blitt utfordra til å驱 meir tilpassa opplæring med tydelege læringsmål i skulekvardagen. Samstundes vert det meir målretta bruk av ressursane og lærarane sine fagkunnskapar. Hausten 2010 starta Barneskulen ei utprøving av ny organisering av spesialundervisninga i baser. Skuleeigar har i lag med skuleleiinga på Barneskulen starta prosessen med å sjå på leiingsstrukturen i skulen. Ansvoaret må fordelast meir en det som er tradisjon på skuleområdet. Til liks med barnehagen skal det skje ei relativ stor utbygging på Barneskulen samstundes som skulen er i dagleg drift. Dette er svært utfordrande. Samstundes treng skulen ro til å bli etablert og samkjørt som ein skule. Ettersom skulebruksplanen no er gjennomført, trengs det ein ny skulepolitisk debatt med tydeleg strategi for framtidsskulen i Samnanger. Ei spennande utfordring for nytt kommunestyre.

**VATN- "kreative krefter"** er eit spanande og svært relevant prosjekt for Samnanger som både barnehagane og skulane er i gong med. Barnehagane har saman med foreldra fått inn ei rekke tiltak i årspalanen. Personalaet har i løpet av 2010 tileigna seg meir kunnskap innan realfaga. Kommunen har fått tilskot frå fylkesmannen til dette. Ungdomsskulen har lagt prosjektet inn i skulen sine lokale læreplanar og laga fleire praktiske opplæringstiltak. Barneskulen har fått lagt ein årstime meir på 5.trinnet som skal styrka matematikk- og naturfagopplæringa. Ein ønskjer å styrka naturfagkompetanse enda meir i grunnskulen. Byggjeprogrammet for Barneskulen har tatt vatn med som viktig avtrykk. Det blir no spennande å sjå forslag frå arkitektar på dette.

**"kultur for alle"** – visjonen i kulturplanen er no på god veg til å bli realisert. Mange nyoppstarta aktivitetar er starta opp ved hjelp av tilskot. Utfordringa vert å få auka opp kulturområdet med kommunal eigenandel, slik at vi kan følgje opp denne satsing og nå i dei ulike tilskotsordningane. Eininga ønskjer i 2011 å ha fokus i lag med politikarane på framtidig strategi på kulturområdet og økonomiske rammer for dette. Kommunestyret har vedteke å byggje fleirbrukskalla, og har i områdeplanen vedteke at den skal ligge på Bjørkheim. Barn og unge skal i det vidare arbeidet med forslag til reguleringsplan på Bjørkheim vera sentral i prosessen med fleirbrukskalla. Eit spennande arbeid som dei ser fram til.

I Bydn har dei Breivik med kuben og søylene sine  
I Os får dei smart kulturhus og har rundkjøring med Undine.  
Hardingane har både fruktbløming, ciderkultur og Ingebrigt Vik.  
Nei, vesle Samnanger kan ikkje visa seg slik.  
Men stoppar du på Tyssekaien ein vakker sommarkveld,  
så vil du få sjå fiskaren som ventar på lukka og hell.  
Han sit der og smådupper, vil helst ikkje verta vekt.  
Han veit det ikkje sjølv, men han er del av eit kunstprosjekt.  
*Magda Haugen*

